



Voss kommune bygd for sterke opplevingar

Økonomiplan 2019-2022

Innhold

1 Vedtak.....	3
2 Innleiing.....	5
3 Rammeføresetnader	7
4 Folketalsutvikling	10
5 Driftsbudsjett 2019-22 hovudoversikt	11
6 Investeringsbudsjett 2019-22.....	18
7 Oppvekst.....	25
8 Helse og omsorg	30
9 Rådmannen sin stab	34
10 Kultur og fritid.....	35
11 Teknisk	37

1 Vedtak

Kommunestyret har behandla saka i møte 14.06.2018, sak 22/18.

Kommunestyret vedtek rammer for overskot på driftsbudsjettet i 2019 – 2022 slik det går fram av dokumentet: Økonomiplan 2017-2020 datert 24.05.2018 og tabellen under.

	2019	2020	2021	2022
Valde driftstiltak	-3 440 000	-2 903 000	-3 421 000	-2 853 000
Meir-/mindreforbruk budsjettversjon	-3 440 000	-2 903 000	-3 421 000	-2 853 000

Rammer pr. kommunalavdeling i 1000 kr. (alle tal i 2018-kroner)

	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Oppvekst	379 313	381 463	377 263	375 063	377 063
Helse og omsorg	357 250	357 550	355 730	357 030	360 830
Rådmannen sin stab	47 484	47 334	47 334	47 334	47 334
Kultur og fritid	36 406	36 406	36 406	36 406	36 406
Teknisk	108 797	109 437	106 337	106 337	106 537

Kommunestyret vedtek investeringsbudsjettet for 2018– 2021 slik det går fram av vedlagte tabell investering 2018– 2021.

Administrasjonen endra si innstilling under investeringsbudsjettet tiltak 31. Noverande tekst går ut. Ny tekst : tiltak skulebygg jfr. KST sak 58/17

Økonomiplan vert vedteken i tråd med rådmann si innstilling i tillegg til følgjande endringar:

Driftsbudsjettet:

Kommunalavdeling for oppvekst si ramme vert styrka med 1.500.000 inkl. helsesøster

Kommunalavdeling for helse og omsorg for auka ramma med 500.000 til førebygging

Inndekking: Redusert overskot

Vedlikehald og reasfaltering av vegar 3 000 000 mill. for 2019

Inndekking: Bruk av disposisjonsfond

Verbalframlegg

Notat vedkomande kostnader ved reovering av kommunale bustader skal opp som drøftingssak til FPL hausten 2018.

Lekvemokrysset – Voss kommune går i dialog med Hordaland fylkeskommune/Statens vegvesen for å finansiera oppgradering av krysset.

Knutepunktet: I samband med utbygging av Voss knutepunkt bør det koma på plass ladestasjon for el-buss. Voss kommune tek initiativ overfor aktuelle samarbeidspartnarar for å få dette på plass.

Vossabadet for alle: Når det føreligg planar og kostnadsoverslag for å gje tilgang til konkurransebasenget for alle, skal det leggst fram eiga sak. Om mogleg bør ein sjå dette i samanheng med godkjenning av byggerekneskapen for Vossabadet.

Det vert vist til kommunestyrevedtak knytta til Vangen skule, Skulestad skule og Voss ungdomsskule. Tiltaka som skal sjåast i samanheng med sentrumsplanen og planen for sentralidrettsanlegget, må utarbeidast parallelt med planarbeidet, og ikkje i etterkant. Dvs ferdig i lag med sentrumsplanen i 2019.

Kortsiktige tiltak som kan gjennomførast uavhengig av plan, bør inn i «budsjettet 2019».

Kommunen må i åra framover intensivera tiltak innan klima. Mellom anna ved at:

- El-bilar skal vera første val ved innkjøp av nye bilar
- kommunen skal vera ein pådrivar for å få på plass gode tiltak for å hindra ”lekkasje” av plastgranulat frå kunstgrasbanar og ta del i framtidsutviklinga av kunstgrasbanar utan plastgranulat.
- kommunen har gjennomført tiltak for at eigne institusjonar, kjøkken, kantiner og kontor er fri for eingongsplast innan 2020. Utslepp av plast er noko me alle har sett skadeverknadane av og me har ansvar for å hindra unødvendig plastavfall. Kommunar og fylkeskommunar fleire stader har allereie fjerna eingongsplast der dei kan og viser at dette er mogleg.

Kommunen lagar ein eigen plaststrategi for sin bruk av eingongsplast m.m. i sin organisasjon (i nye Voss herad).

Styrking av tilbodet ved kulturskulen vert å vurdere i budsjett for 2019.

2 Innleiing

Framlegg til økonomiplanen 2019-2022 er basert på gjeldande økonomiplan 2018-2021, rammene i 2018-budsjettet (KST vedtak des. 2017) samt handlingsdelen i noverande kommuneplan.

Økonomiplanen gir eit hovudoversyn over det økonomiske handlingsrommet i planperioden. Den syner difor dei sentrale rammeføresetnadene på inntekts- og utgiftsida. Vidare gir den oversyn over viktige lokale utviklingstrekk med relevans for drift og investeringar.

Når økonomiplanen no skal reviderast må det gjerast ei vurdering av rammeføresetnadene som:

- Skatt og rammetilskot
- Lønsutvikling
- Pensjonsutvikling
- Renter/avdrag
- Avgifter
- Eigedomsskatt
- Kraftinntekter
- Demografisk utvikling med konsekvens for tenestetilbodet

Ut frå dette vil det fremgå kva for økonomisk handlingsrom kommunen vurderer for dei neste 4 åra.

Økonomiplanprosessen skal ha:

- Fokus på langsiktig økonomiplanlegging.
- Tydeleg politisk styring på overordna nivå. Dei store politiske avgjerdene skal skje i samband med økonomiplanen.
- På grunn av at økonomiplanen vert vedteken i juni vil den forenkle arbeidet med budsjettet for det påfølgjande år.
- Meir fokus på dei midlane kommunen har, enn dei kommunen «skulle ynskje» ein hadde.
- Økonomiplan skal innehalde informasjon om endringar og konsekvensar av vedtaka som blir fatta.

Omleggingar som medfører større endringar skal gjerast i økonomiplanen. Utifrå dei politiske prioriteringane i denne planen kan administrasjonen så utarbeida realistiske budsjett.

Frå og med 2020 vert Voss og Granvin slått saman til Voss herad. Administrasjonen har ikkje vurdert effekten av ny kommune i denne økonomiplanen. Fellesnemnda skal i 2019 utarbeide framlegg til økonomiplan for 2020-2023 og budsjett 2020.

Driftsbudsjett:

Økonomiplanen 2018-2021 viste at handlingsrommet vart mindre enn målsetting om 1,75 % driftsoverskot. Heller ikkje framlegg til økonomiplan 2019-2022 vil oppnå denne målsettinga. Økonomiplanen 2019-22 er basert på KS oppdaterte prognoser for skatt- og rammetilskot ut frå kommuneproposisjonen 2019. Økonomiplanen byggjer vidare på opprinneleg 2018 budsjett korrigert for konsekvensjusterte tiltak (som følgjer av politiske vedtak, avtaler, behovsendingar og andre justeringar i rammeføresetnadene som adm. vurderer naudsynt å ta høgde for). Tiltak som er prioritert frå administrasjonen si side kjem inn under kategorien *valde tiltak* medan andre tiltak som er vurdert tenlege kjem i kategorien *tiltak som ikkje er vald*. Utgiftsveksten er primært knytt til kommunalavdelingane oppvekst, helse og omsorg og tekniske tenester.

Dei valde tiltaka inneheld mellom anna vidareføring av tiltak frå sist økonomiplan (2018-21), nokre av desse vert endra for kommande økonomiplanperiode. I tillegg er det lagt inn nokre nye tiltak.

Fellesinntektene som skatt og rammetilskot, integreringstilskot, inntekter frå sal av konsesjonskraft går ned i planperioden. Inntekter frå eigedomsskatt kraftverk aukar i perioden.

På grunn av at utgiftene aukar meir enn inntektene, er planen saldert ved bruk av pensjonspremiefond og rammenedtrekk knytt til integreringsmidlane.

Planen er sett opp med eit marginalt overskot for kvart av åra 2019-2022. Det vi seie at her er lite med marginar for uføresett. I planperioden er det lagt opp til større bruk av kommunen sitt pensjonspremiefond enn kva som låg inne i økonomiplanen 2018-2021. Premiefondet vil etter prognosen gå frå omlag 39 mill. kr ved utgangen av 2018 til omlag 25 mill. kr ved utgangen av 2022.

Prognosen for integreringstilskot syner nedgang i planperioden grunna færre flyktningar. Talet på mottak av flyktningar som kjem til kommunen er styrt frå statleg hald, som igjen er påverka av internasjonale tilhøve. Utgiftene vil reduserast som fylgje av redusert trong for introduksjonsløn og sosialhjelp. Utover dette er det lagt inn rammenedtrekk i dei kommunalavdelingane som tidlegare har fått auka sine budsjetter ved auka tal flyktningar.

På grunn av at økonomiplanframlegget er basert på 2018 budsjettet er det ein føresetnad at vedtekne budsjetterammer for 2018 vert haldne. Kvartalsrapporten for 1 kvartal 2018 syner at dette så langt vert ei utfordring. Prognosen tyder på at det vert eit overforbruk innan drift, spesielt innanfor kommunalavdeling oppvekst. Dette vil igjen kunne endre på den økonomiske basisen for økonomiplanen. Utviklinga utover hausten må difor sjåast an når budsjett for 2019 skal utformast. Konkret vil dette kunne medføre at budsjettet overskot i økonomiplanen må nyttast til saldering av 2019 budsjettet. På den anna side bør styrkingstiltaka innan kommunalavdeling oppvekst for skule og innføring av ambulerande team gi eit meir solid fundament for avdelinga sitt budsjett for 2019.

	2019	2020	2021	2022
Oppvekst	9 550 000	9 950 000	11 550 000	13 750 000
Helse og omsorg	2 400 000	2 400 000	3 900 000	7 500 000
Stab	-150 000	-150 000	-150 000	-150 000
Teknisk	840 000	-2 160 000	-1 960 000	-1 760 000
Fellesinntekter	-1 720 000	-3 001 000	-5 756 000	-7 765 000
Redusert integreringstilskot	7 019 000	12 252 000	16 530 000	16 530 000
Tiltak forbunde med integreringstilskot				
2.8 Rammenedtrekk oppvekst	-2 300 000	-3 700 000	-7 500 000	-7 700 000
2.9 Utgiftsreduksjon knytt til intro-løn grunnet færre flyktningar	-3 600 000	-6 800 000	-6 800 000	-6 800 000
3.06 Sosial stønad flyktningar	-1 600 000	-1 920 000	-1 920 000	-1 920 000
3.2 Rammenedtrekk helse og omsorg	-	-1 500 000	-1 700 000	-1 500 000
6.5 Rammenedtrekk teknisk	-200 000	-300 000	-500 000	-500 000
Bruk av premiefond inkl effekt av arbeidsgiveravgift	-11 679 000	-5 974 000	-7 115 000	-10 538 000
SUM OVERSKOT	1 440 000	903 000	1 421 000	853 000

Dersom det er ynskjeleg med større driftsoverskot enn det er lagt opp til, kan det eventuelt vedtakast ytterlegare nedtrekk i rammene til kommunalavdelingane som utgangspunkt for dei komande års budsjett.

På investeringssida er det lagt opp til ei årleg låneramme på 20 mill. kr. Generelt er det å seie at investeringstrongen overskrid tilgjengeleg låne- og fondskapasitet.

Kommunen har i løpet av dei siste åra opparbeida overskot som er avsett til disposisjonsfond.

3 Rammeføresetnader

Inntekter

Inntektene søkk i planperioden. Hovedårsaka er at prognosen for integreringstilskot syner ei sterk inntektsreduksjon med opptil 16 mill. kr relativt til 2018.

Skatt og rammetilskot.

Det er lagt til grunn KS sin skatt- og rammetilskotsmodell oppdatert med tal frå kommuneøkonomiproposisjonen 2019 (15. mai 2018) og folketal per 1. jan 2018. Tabellen under syner endringar i skatt og rammetilskot frå 2018-22 i 2017-kroner.

Type tilskot	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Innbyggjartilskot	345 830	349 905	351 356	351 857	351 889
Utgiftsutjamning	55 901	56 328	56 428	56 463	56 463
Overgangsordning	-1 042	-	-	-	-
Saker med særskilt fordeling	2 493	2 493	2 493	2 101	2 101
Distriktstilskot	3 404	3 418	3 418	3 418	3 418
Regionsentertilskot	3 927	3 931	3 936	3 936	3 936
Inntektsutjamning	31 262	28 466	28 466	28 466	28 466
Skjønstilskot	5 300	5 300	5 300	5 300	5 300
Behalde Basistilskot	4 232	4 232			
Bud.vedtak Stort. - endre. Eks. skjønn		286	478	478	478
RNB 2018 - endringar i rammetilsk		91	91	91	91
Sum rammetilskot	451 307	454 359	451 874	452 018	452 051
Skatteinntekter	382 607	386 428	386 428	386 428	386 428
Sum	833 914	840 787	838 302	838 446	838 478
Diverse tilskot					
Kompensasjonstilskot	5 185	5 185	5 185	5 185	5 185
Rentekompensasjon skule	334	334	334	334	334
Skulekomp	836	836	836	836	836
Sum	6 355	6 355	6 355	6 355	6 355
Sum skatt og tilskot	840 269	847 142	844 657	844 801	844 833

Lønsutvikling

Så langt er det lagt til grunn same lønsreservepost som i 2018. Lønsreserveposten bereknast ved å rekne på forventa lønsvekst i 2019 med fråtrekk av lønsoverheng 2018. I fylgje KS sine tal er forventa lønsvekst 2017-2018 på 2.8%.

Pensjonsutvikling

Premieavvik:

Kommunen har svært lite premieavvik i forhold til gjennomsnitt for kommunesektoren, og det er avsett på fond til å dekke dette.

Pensjonspremie:

Pensjonspremiesatsen sett til på 18% i planperioden. Premien vart sett ned frå 20% i 2016 til 18% i 2017. I 2018 budsjettet er det sett av 18% pensjonspremie, og dette er vidareført i planperioden.

Avkastning av midlane går inn på premiefond og kommunen kan trekke av fondet til å betale premie. Planforslaget legg opp til høvesvis 19, 14, 15 og 18 mill. kr. Dette gir også ein tilleggseffekt med 14,1% innsparing (lik arbeidsgjevaravgifta) på omlag 2 mill. kr per år. Den auka fondsbruken er eit tiltak for å gje ei "mjuk" overgang til lågare inntektsnivå for Voss kommune. Auka uttak vil ut frå forventa avkastningsgrad redusere fondet monaleg, slik at fondet i 2022 vart redusert til omtrent 25 mill. kr.

Renter og avdrag

Det er nytta ei snittrente på nye lån på om lag 2,0 %.

Det er tatt høgde for ei låneramme på 20 mill. kr. årleg. I tillegg kjem sjølvfinansierende lån.

Det er lagt inn nedbetalingsplan etter den renta som kommunen har pr. mai 2018.

Auke i renter og avdrag gjeld sjølvfinansierende investeringar.

	2 019	2 020	2 021	2 022
Renter	18 821	19 268	20 033	20 427
Avdrag	47 167	47 967	48 767	49 567
Totalt	68 008	69 255	70 821	72 016

Ei sensitivitetsanalyse i 2015 synte at ein renteoppgang på 2 prosentpoeng medfører ei auke i samla årleg netto renteutgifter og renteinntekter på omlag 3,7 mill. kr.

Avgifter

Det er lagt til grunn 2018- nivået for perioden. I mange av dei kommunale tenestene er løn den største innsatsfaktoren. Difor bør utgangspunkt for prisjustering av avgiftssatsar/kommunale tenester i perioden være den årlege anteke lønsveksten. Det vert elles lagt opp til å nytta maksimalsatsar på tenester der staten set vilkåra for satsane (t.d. korttidsopphald i sjukeheim). Områda vatn, avløp, renovasjon og feing er prisa etter sjølvkostprinsippet.

Eigedomsskatt

Nye prognosar er lagt inn i økonomiplanen. Det er lagt opp til ei oppjustering på 10% av skattegrunnlaget frå 2020. Dagens skattesatsar er lagt til grunn (3 promille for hus/ hytter og 7% for næring, verk og bruk). Oppdaterte prognoser den 23.05.18 for eigedomsskatt syner ei auke i planperioden. Dette skuldast effekten av auka kraftprisar.

	2 019	2 020	2 021	2 022
Endring i høve 2018 nivå	2 727 000	489 000	-1 622 000	-3 599 000
Justering takstgrunnlag i 2020	-	-3 200 000	-3 200 000	-3 200 000
Sum	2 727 000	-2 711 000	-4 822 000	-6 799 000

Kraftinntekter

Inntektene her kjem frå utbyte BKK og Voss Energi (VE), i tillegg til renteinntekter (5,8 mill.kr årleg) på ansvarleg lån til Voss Energi. Prognosen for utbyte frå BKK er ca. 0,6 mill. kr høgare i 2018 enn 2017 budsjett. Nivået for 2018 er lagt inn for heile planperioden.

Ut frå info frå VE pr. april så er prognosen for utbyte i perioden 19-22 (eks. utbyte til gateljos):

	2 019	2 020	2 021	2 022
Endring i høve 2018 nivå	1 500 000	1 500 000	1 000 000	1 000 000

Kraftfondet

Tilførsel av konsesjonskraftmidlar er lagt opp til å vere på same nivå som 2018.

Konsesjonskraft

Voss kommune har i dag 61,8 GWh som vert selt.

Økonomiplanen 2018-2021 var basert på 27 øre/kwt. Prognosen for 2019 er per april 2018 på 31 øre/kwt. Det vil seie ein meirinntekt på 2,4 mill. kr. Denne meirinntekta er lagt inn som nytt nivå for heile planperioden. Dette er det naturleg nok knytt ein del uvisse til.

Integreringstilskot

Prognosen her syner eit sterkt redusert inntektsnivå grunna mottak av færre flyktningar. For perioden er prognosen omlag: -7,-12,-16 og -16 mill. kr relativt til 2018. Ein del av utgiftene knytt til introduksjonsløn og sosialhjelp vil reduserast som fylgje av redusert mottak. Anslaget her er på omlag 5 mill. kr i 2019 og i underkant av 9 mill. kr i 2020-2022. I perioden med høge mottakstal auka kommunen driftsutgiftene ved å auke bemanninga knytt til flyktningar. Tilpassing til lågare aktivitetsnivå er etter administrasjonen si vurdering no naudsynt. Planforslaget legg difor opp til eit rammenedtrekk for dei kommunalavdelingane som fekk auka sine budsjett tidlegare år. Nedtrekket startar opp i 2019, og med eit noko høgare beløp i 2020-2022. For helse og omsorg kjem rammenedtrekket frå 2020. Administrasjonen legg til grunn at nedtrekket er retta inn mot dei områdene som fekk auka budsjett grunna stort mottak av flyktningar.

4 Folketalsutvikling

Med ein middels nasjonal vekst (dvs. fruktbarheit, levealder, mobilitet, og netto innvandring) har SSB pr. 07.05.18 følgjande folketalsframskrivingar for Voss:

	2 018	2 019	2 020	2 021	2 022	2 023	2 024	2 025	2 026	2 027	2 028
Barnehage (0-5 år)	967	977	989	993	983	994	1 001	1 006	1 010	1 012	1 011
Grunnskule (6-15 år)	1 794	1 810	1 803	1 799	1 813	1 826	1 821	1 829	1 831	1 825	1 822
Vidaregåande (16-19 år)	763	757	767	764	745	725	725	717	727	754	765
Vaksne (20-66 år)	8 357	8 482	8 501	8 540	8 572	8 585	8 594	8 618	8 624	8 642	8 688
67 -79 år	1 748	1 756	1 803	1 849	1 891	1 949	2 006	2 039	2 056	2 047	2 065
80 -89 år	752	737	732	725	709	713	719	751	799	854	877
90 år eller eldre	196	217	221	216	237	238	233	236	236	235	233
Total	14 577	14 736	14 816	14 886	14 950	15 030	15 099	15 196	15 283	15 369	15 461

5 Driftsbudsjett 2019-22 hovudoversikt

Valde tiltak

	2019	2020	2021	2022
Over-/underskott konsekvensj. budsjett	-	-	-	-
Valde driftstiltak	-1 440 000	-903 000	-1 421 000	-853 000
Over-/underskott budsjettversjon	-1 440 000	-903 000	-1 421 000	-853 000
Vidareførte tiltak frå siste økonomiplan	-1 450 000	-5 079 000	-5 579 000	-5 579 000
2.37 Driftsmidlar til IT-utstyr andre einingar i oppvekst 2018	-500 000	-500 000	-500 000	-500 000
2.36 Auka driftsutgifter Voss ungdomsskule 2018	-	-1 800 000	-1 800 000	-1 800 000
3.01 Førebygging og aktivitet 2017 v1	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000
3.02 Velferdsteknologi koordinering/mottak 2017 2018	-800 000	-800 000	-800 000	-800 000
4.01 Interkommunalt arkiv 2017 2018	-150 000	-150 000	-150 000	-150 000
6.01 Reasfaltering vegar 2018	-	-3 000 000	-3 000 000	-3 000 000
6.03 Sentrumsplan, prosjektstilling 2 år + spesialutgreiing 2017 2018	-	-500 000	-500 000	-500 000
8.06 Utbyte Voss energi og BKK 2018	1 500 000	1 500 000	1 000 000	1 000 000
8.07 Bruk av kraftfondmidlar til dekning av kapitalkostnader for Vossabadet 2018	-	1 671 000	1 671 000	1 671 000
Vidareførte tiltak som vert endra	2 600 000	2 280 000	780 000	780 000
3.06 Sosial stønad flyktningar	-1 600 000	-1 920 000	-1 920 000	-1 920 000
3.07 A) Heimetenestene	1 500 000	1 500 000	1 500 000	1 500 000
3.08 Større pleiebehov MNF og ambulerande team	700 000	700 000	200 000	200 000
3.10 Auka omfang dagtilbod, MNF og eldre	2 000 000	2 000 000	1 000 000	1 000 000
2. Oppvekst	4 150 000	1 750 000	-450 000	1 550 000
2.1 Auke i driftsbudsjett skular.	3 500 000	-	-	-
2.2 Ambulerande team	500 000	4 000 000	4 000 000	4 000 000
2.3 Auke i lønsmidlar barnehagar	1 600 000	3 800 000	3 800 000	3 800 000
2.4 Driftstilskot private bhg.	-	-	1 600 000	3 800 000
2.5 Auke i driftstilskot private barnehagar	2 500 000	2 500 000	2 500 000	2 500 000
2.6 Drift av barnevernsvakt	700 000	700 000	700 000	700 000
2.7 Innsparing ved vakanse	-250 000	-250 000	-250 000	-250 000
2.8 Rammenedtrekk grunnet redusert integreringstilskot	-2 300 000	-3 700 000	-7 500 000	-7 700 000

	2019	2020	2021	2022
2.9 Utgiftsreduksjon knytt til inntølnn grunnet færre flyktningar	-3 600 000	-6 800 000	-6 800 000	-6 800 000
2.23 Styrka ramme	1 500 000	1 500 000	1 500 000	1 500 000
3. Helse og omsorg	500 000	-1 000 000	1 800 000	5 600 000
3.1 Drift av kommunalt kjøkken	-	-	3 000 000	6 600 000
3.2 Rammenedtrekk grunnet redusert integreringstilskot	-	-1 500 000	-1 700 000	-1 500 000
3.4 Styrka ramme	500 000	500 000	500 000	500 000
6. Teknisk	640 000	1 040 000	1 040 000	1 240 000
6.2 Nye kommunale vegar	200 000	200 000	400 000	600 000
6.3 Lundhaugen omsorgsbustader	500 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
6.4 Veterinærtjeneste	140 000	140 000	140 000	140 000
6.5 Rammenedtrekk grunnet redusert integreringstilskot	-200 000	-300 000	-500 000	-500 000
6.9 Vedlikehald og reasfaltering vegar	-	-	-	-
8. Fellesinntekter	-7 880 000	106 000	988 000	-4 444 000
6.6 Endring i integreringstilskot	7 019 000	12 252 000	16 530 000	16 530 000
8.2 Endring inntekter frå sal av konsesjonskraft	-2 400 000	-2 400 000	-2 400 000	-2 400 000
8.03 Bruk av premiefond	-9 000 000	-4 000 000	-5 000 000	-8 000 000
8.10 Redusert arbeidsgiveravgift pga bruk av premiefond	-2 679 000	-1 974 000	-2 115 000	-2 538 000
8.11 Justering eigedomsskatt	-	-3 200 000	-3 200 000	-3 200 000
8.12 Endring eigedomsskatt kraftverk	2 727 000	489 000	-1 622 000	-3 599 000
8.14 Endring i skatt og rammetilskot. 2019-2022	-3 547 000	-1 061 000	-1 205 000	-1 237 000

Forklarande tekst til driftstiltaka

Nr	Tiltak	Kommentarar
2.37	Driftsmidlar til IT-utstyr andre einingar i oppvekst 2018	IT-løft for alle einingar
2.36	Auka driftsutgifter Voss ungdomsskule 2018	Kommunen dreg med seg eit overforbruk knytt til drift ved Voss ungdomsskule. Det er sett i gang organisatoriske grep for mogeleg reduksjon i utgifter. Til tross for dette kan ein måtta styrka driftsutgiftene.
3.01	Førebygging og aktivitet 2017 v1	Jf. strategi for helse og omsorg må ein investere i førebygging for å oppnå gevinst på lang sikt. Konkrete tiltak må utgreiast ut i frå kost-nytte vurdering.
3.02	Velferdsteknologi koordinering/mottak 2017 2018	Mottakssentral for informasjon frå velferdsteknologi. Noko handterast av eksisterande ressursar.
4.01	Interkommunalt arkiv 2017 2018	Arkivmaterieill må flyttast til godkjent arkiv i Bergen. IKAH. Kostnad gjeld 2017
6.01	Reasfaltering vegar 2018	Gjeld dei vegane der vi berre har trong for reasfaltering utan masseutskifting eller anna utbetring.

Nr	Tiltak	Kommentarar
6.03	Sentrumsplan, prosjektstilling 2 år + spesialutgreiing 2017 2018	Prosjektstilling tilsett. Treng midlar til eksterne utgreiingar og drift av prosessar. Det er viktig at vi arbeider konsentrert med sentrumsplanen og får på plass naudsynte utgreiingar som grunnlag til planen.
8.06	Utbyte Voss energi og BKK 2018	Prognose for utbyte er lagt ut frå opplysningar frå kraftselskapa.
8.07	Bruk av kraftfondmidlar til dekning av kapitalkostnader for Vossabadet 2018	Det er lagt inn at Kraftfondet skal dekkja kapitalkostnader for Vossabadet i 3 år.
3.06	Sosial stønad flyktningar	Større reduksjon enn tidlegare estimert. Oppdaterte prognosar tilseier større reduksjon enn lagt opp til. (Endra frå: -400 000, -720 000, -720 000, -720 000)
3.07	Heimetenestene	Noko større fokus på å styrke heimetenestene i høve tidlegare økonomiplan. Aktuelle tiltak er styrking av ergoterapi, kvardagsrehabilitering og spesiell fagkompetanse. (Endra frå 500 000 kvart år)
3.08	Større pleiebehov MNF og ambulerande team	Auke med 500 000 frå tidl.øk.plan pga auka brukarbehov, både tal og omfang. Vekst kjem i hovudsak frå at brukargruppa lev lenger og får aldersrelaterede utfordringar og tilflyttarar.
3.10	Auka omfang dagtilbod, MNF og eldre	Auke med 1 000 000 frå øk.plan pga auka brukarbehov (tal og omfang av vedtak) og styrking av teneste for å førebygge meir omfattande pleie- og omsorgsbehov
2.1	Auke i driftsbudsjett skular.	På grunn av store budsjettoverskridingar er det naudsynt med auke i budsjettramma for grunnskule. Spesielt til løner. Dette tiltaket vil kombinerast med tiltaket om ambulerande team.
2.2	Ambulerande team	Oppvekst ser behov for å etablere eit ambulerande team for elevar med ulike åtferds- og samspelevanskar, og som har vedtak etter § 2.6 og/eller § 5.1. Voss kommune har relativt store utfordringar i oppvekstsektoren. Dette kan delvis forklarast med at kommunen har 2 barneheimar, tek i mot flyktningar (EM-tiltak), fleire barneverns-saker og tidvis opphoping av utfordringar i elevgruppa. Det vert i dag nytta store ressursar, både økonomiske og menneskelege på å finna ad hoc-løysingar når behov for alternative tiltak oppstår. Med eit ambulerande team eller ein base for opplæring utanfor skulen, der elevar i periodar får tett og relevant oppfølging av eit tverrfagleg team, vil det heile vera meir føreseieleg for både tilsette, elevar og foreldre/føresette. Personalet (i eit ambulerande team) kan fungera som eit rettleiingsteam overfor skulane i utfordrande saker. Likeins kan dei driva utøvande verksemd på dei ulike skulane og/eller ein alternativ arena. På den måten vert det førebyggjande aspektet også ivaretatt på ein god måte.
2.3	Auke i lønsmidlar barnehagar	Ny forskrift om norm for pedagogisk bemanning trer i kraft frå 1.8.2018 og seier i hovudsak at ein må ha meir pedagogisk personale i barnehagane i høve til tal barn over og under tre år. Forskrifta får konsekvensar for to kommunale barnehagar som må auke den pedagogisk bemanning med samla 1,5 årsverk. Regjeringa foreslår også ny bemanningsnorm som skal tre i kraft frå 1. august. Ny bemanningsnorma stiller krav til tal tilsette i barnehagen og seier at det skal vera ein voksen per tre barn under tre år og ein voksen per seks barn over tre år per vaksen. Lovforslaget utgjer eit samla behov for 7 nye årsverk i kommunale barnehagar frå 1. august. Overgangsregler gjer at barnehageeigarar har frem til 1. august 2019 til å oppfylle kravet.
2.4	Driftstilskot private barnehagar	Grunna auke i stillingar for kommunale barnehagar vil vi ha ei tilsvarande auke i driftstilskot til private barnehagar. Dette kjem i 2020-2021.
2.5	Auke i driftstilskot private barnehagar	Driftstilskot til private barnehagar er budsjettert for lågt. Driftstilskot utgjer kommunalt tilskot, refusjon søskenmoderasjon og inntektsgradert foreldrebetaling. Ein av grunnane er at 3 åringar fekk rett på gratis kjernetid frå hausten 2016 og dette fekk vi heilårseffekt på i 2017. I tillegg er det innført ei overgangsordning for private barnehagar i høve tilskot til pedagogisk bemanning dette tredje i kraft frå hausten 2017 utgjer for hausthalvåret 219,- og om lag 519,- for 2018.
2.6	Drift av barnevernsvakt	Organisering av barnevernsvakt som er eit aktuelt alternativ pr. i dag er medlemskap i prosjektet «Hordaland barnevernsvakt». Drift av dette alternativet til barnevernsvakt vil kome på mellom 500 og 700 000. Då vil Hordaland barnevernsvakt vere arbeidsgjevar og kommunen kjøper seg inn i som medlemskommune. Målet frå Fylkesmannen er å få med alle kommunar i Hordaland inn i ordninga.
2.7	Innsparing ved vakanse	Har ei 30%-stilling ledig i oppvekst.
2.8	Rammenedtrekk grunnet redusert integreringstilskot	Ramma for oppvekst justerast i takt med reduksjon i integreringstilskot.

Nr	Tiltak	Kommentarar
2.9	Utgiftsreduksjon knytt til introlønn grunnet færre flyktninger	Reduksjon i mottak av flyktningar som estimert for planperioden fører til lågare utgifter forbundet med introlønn.
2.23	Styrka ramme	Total ramme styrka med 1,5 mill. kr. Dette er inkludert helsesyster.
3.1	Drift av kommunalt kjøkken	Drift av kommunalt kjøkken ved Vetleflaten. Årlege driftsutgifter vil auke med mellom 6 og 10.7 mill. kr avhengig av løysingsval (2017 tal frå rapport laga i 2016) - 105 kr/porsj (løn, råvare og transport)
3.2	Rammenedtrekk grunnet redusert integreringstilskot	Ramma for helse og omsorg justerast i takt med reduksjon i integreringstilskot.
3.4	Styrka ramme	Total ramme styrka med 500.000 kr. Styrkinga skal vere retta mot førebygging.
6.2	Nye kommunale vegar	Når ein får auke i km kommunal veg vil det bli auka kostnader Nye aktuelle vegar i perioden er Gamle Bavallsvegen 1,7 km , Istad industriområde 2,0 km, Nyrefeltet 0,8 km, Kulturhuset 0,1 km, Todalen 0,4 km: totalt ca. 6 km Drift ca. kr 100.000 pr. km veg.
6.3	Lundhaugen omsorgsbustader	Driftsutgifter frå ca. juni 2019. Nokon av brukarane flyttar i frå eksisterande kommunale bustader/institusjon i Lekvebakken. Dette er lokale med ein lågare standard utan ventilasjon, heis mm. Bygget tilhøyrar bustadstiftinga, og er del av den totale bustadmassen som kommunen leiger ifrå bustadstiftinga. Det er difor svært vanskeleg å talfeste kva FDV-kostnader som fell vekk for akkurat dette bygget/bustadane.
6.4	Veterinærteneste	Kommunane er pålagt ansvaret for å oppretthalda veterinærteneste i kommunane. Statleg tilskot dekkjer ikkje tilfredsstillande ordning, og kommunane må bidra. Voss kommune løyser dette i samarbeid med nabokommunar, med verknad frå 2018.
6.5	Rammenedtrekk grunnet redusert integreringstilskot	Ramma for teknisk justerast i takt med reduksjon i integreringstilskot.
6.9	Vedlikehald og reasfaltering vegar	3. mill. kr sett av til vedlikehald og reasfaltering vegar i 2019. Inndecking ved bruk av disposisjonsfond.
6.6	Endring i integreringstilskot	Prognosen for integreringstilskot syner eit sterkt synkande inntektsnivå grunna mottak av færre flyktningar.
8.2	Endring inntekter frå sal av konsesjonskraft	Økonomiplan 2081-2021 la opp til ein salspris på 27 øre/kwt. Kraftprisen har stege og pr april 2018 er salsprisen for 2019 på 31 øre/kwt. Berekning: 4 øre/kwt * 60 Gwh= 2.4 mill. kr
8.03	Bruk av premiefond	Bruk av premiefond. Det vert lagt opp til å bruke 16,5 mill. i snitt over planperioden. Dette er ein auke ift 2018-2021 økonomiplan. I tillegg kjem effekten av redusert arbeidsgjevaravgift på 14% av innbetalt frå premiefond på om lag 2 mill. kr pr år.
8.10	Redusert arbeidsgjevaravgift pga bruk av premiefond	Når det vert betalt pensjon frå premiefondet vert det ikkje tillagt arbeidsgjevaravgift. Effekt er 14% av beløpet. Ved bruk av 16 mill. kr i premiefond vert dette om lag 2 mill. kr i redusert arbeidsgjevaravgift.
8.11	Justering eigedomsskatt	Frå 2020 skal skatten justerast. Dersom ein vel kontorjustering med 10% for bustader og hytter utgjør dette om lag 3.2 mill. kr for åra 2020-2022.
8.12	Endring eigedomsskatt kraftverk	For 2014 er det lagt opp til 55,83 mill. kr. i samla eigedomsskatt. Satsen for bustad/hytte er på 2.4 . For kvar 0,1 i auke på bustader gir dette om lag 0,8 mill. kr i auka inntekter. For næring, verk/bruk nyttast maksimalsatsen på 7. Ein stor del av eigedomsskatten kjem frå kraftverk (BKK) og er relatert til kraftpris. Oppdatert prognose frå 23.05.18 syner ei auke i kraftprisar, som gjer ei auke i eigedomsskatt kraftverk.
8.14	Endring i skatt og rammetilskot. 2018-2021 2018	Det er lagt inn endring slik som det kjem fram i KS sin rammetilskotsmodell av 230348. Skjønstilskot er lagt inn med same 5,3 mill. kr, Som i 2018

Tiltak som ikkje er valt i denne budsjettversjonen

	2 019	2 020	2 021	2 022
Vidareførte tiltak som vert endra	-	-	-	-
3.01 Førebygging og aktivitet	-	-	-1 500 000	-1 500 000
3.02 Velferdsteknologi koordinering/mottak	-	-	-800 000	-800 000

	2 019	2 020	2 021	2 022
3.09 Drift av nye bufellesskap/omsorgsbustader Udlabua	-	3 500 000	7 000 000	7 000 000
6.01 Reasfaltering vegar	-	-	-	-
3. Oppvekst	-	-	-	-
2.10 Auke i felles kompetanseheving	300 000	300 000	150 000	150 000
2.11 Digitalisering i Vossaskulane.	875 000	875 000	875 000	875 000
2.12 Nedlegging av Hauge barnehage	-1 300 000	-500 000	-500 000	-500 000
2.13 Praksiskoordinator	305 000	250 000	250 000	250 000
2.14 Bu-trening	50 000	50 000	50 000	50 000
2.15 Kurstilbod	50 000	50 000	50 000	50 000
2.17 Oppfølging i hybel - EM	50 000	50 000	50 000	-
2.18 Auke i lønsmidlar, to stillingar - helsesøstre	1 750 294	1 750 294	1 750 294	1 750 294
2.19 Leksefri skule	-	300 000	300 000	300 000
2.21 Grunnopplæring for vaksne	730 000	600 000	600 000	600 000
2.22 Driftsmidlar IT	500 000	-	-	-
3. Helse og omsorg	-	-	-	-
3.3 BPA og omsorgstønad	1 500 000	1 500 000	1 500 000	1 500 000
5. Kultur og fritid	-	-	-	-
5.1 Utvida tilbod messingblås	250 000	250 000	250 000	250 000
5.2 Kulturskulelærer Rock & Roll	80 000	80 000	80 000	80 000
5.3 Kulturskulelærer Write an Opera	80 000	80 000	80 000	80 000
5.4 Barnebibliotekar	350 000	350 000	350 000	350 000
5.5 Kulturminneplan	-	100 000	-	-
6. Teknisk	-	-	-	-
6.6 Reduskjon av antal km kommunal veg	-200 000	-400 000	-700 000	-1 000 000
6.7 Stell/vedlikehald kommunale uteområde	300 000	300 000	300 000	300 000
6.8 Ny brannordning	-	800 000	800 000	800 000

Forklarande tekst til driftstiltaka

Nr	Tiltak	Kommentarar
3.01	Førebygging og aktivitet	Oppretthalde fokus på tiltaket i ytterlegare 2 år frå tidlegare økonomiplan. Dette for å oppnå effekt med førebygging, ruste tenestene for framtida og følge vedteken strategi for helse og omsorg.
3.02	Velferdsteknologi koordinering/mottak	Oppretthalde fokus og tiltak i ytterlegare 2 år innan dette for å ruste tenestene for framtida og følge vedteken strategi

Nr	Tiltak	Kommentarar
3.09	Drift av nye bufellesskap/omsorgsbustader Udlabua	Utsett til andre halvdel 2020 etter ny informasjon om prosessen. Føresetnad for budsjettnivå er å gjere om alle eller nokre av aldersheimsplassane på Hagahaugen til fleksible institusjonsplassar i 2019. Dei 12 plassane i denne etasjen bør frå 2020 flyttast til Vetleflaten institusjon eller omsorgsbustad. Administrasjonen vurderer at innbyggjarar får betre helsetenester i heimen enn på aldersheim.
6.01	Reasfaltering vegar	I økonomiplan 2018-2021 er det løyvt 3 mill. dei 2 fyrste åra. Utgjer 6 km asfaltert veg årleg, Totalt er det 126 km asfaltert veg, og ei slik årleg løyving vil medføre at all kommunal veg med fast dekke er reasfaltert i løpet av 20 år. Ynskje om same årlege løyving i 4 års perioden.
2.10	Auke i felles kompetanseheving	Samarbeidsprosjekt mellom oppvekst og RVTS (ressurscenter om vald, traumatisk stress og sjølvmoordsførebygging), i perioden 2018-2020, med opplæring til alle tilsette innan oppvekst og fordjuping for deltakarar frå barnehagar og skular i lag med støttetene og BUP. Tre fellessamlingar med RTVS vest. Ein ekstra felles dag med støttetene.
2.11	Digitalisering i Vossaskulane.	Fagfornyng er heimla i lovverket. Elevane skal ha oppdatert maskinvare tilgjengeleg og dei som arbeider i skule og barnehage skal ha digital kompetanse. Tre prioriterte område: Drift av maskinpark, fagfornyng: lisensar/programvare og kompetanseheving: opplæring og vikarutgifter. Oppgradering av IKT-plattformar til 2018-nivå.
2.12	Nedlegging av Hauge barnehage	
2.13	Praksiskoordinator	Praksis er ei viktig føresetnad for å kunne komme i arbeid. I 2017 hadde avdelinga eit prosjekt med praksiskoordinator, som hadde ansvar for å skaffe praksis og følgje opp praksisstadar for deltakarar. Det er arbeidskrevjande å skaffe og følgje opp praksis, og det er trong for ein koordinator som har dette som hovudoppgåve, og som kan yte dei tenestene som praksisbedriftene trengjer.
2.14	Bu-trening	Mange flyktningar kjem frå land med ein heilt anna bruk av bustadar, noko som mellom anna gjer at slitasje på leigebustadar og elektrisk utstyr vert større enn vanleg. Integreringstenesta driv bustadinformasjon, men både informasjon, rettleiing og tilsyn må styrkast i åra som kjem.
2.15	Kurstilbod	Buf-etat sine krav til kurs for tilsette i EM-tiltak: Det må sikrast at EM-tiltaket kan gje dei tilbod om kurs til dei tilsette som BUF-etat krev.
2.17	Oppfølging i hybel - EM	I åra som kjem, vert fleire av dei einslege mindreårige klare for å flytte i eigen hybel. Desse vil fortsett trengje oppfølging, og ein bør vurdere ei stilling som buretleiar og oppfølgjar til desse.
2.18	Auke i lønsmidlar, to stillingar - helsesøstre	Det er naudsynt med to nye stillingar knytt til skulehelsetenesta, då eininga ikkje får gjort lovpålagt arbeid i dag. Voss helsestasjon og skulehelseteneste fekk i 2017 nye retningsliner for tenesta. Dette inneber meir målretta arbeid for å avdekke psykiske vanskar, rus, vald og overgrep, inkludert seksuelle overgrep. I følgje normalta frå helsedirektoratet skulle helsestasjonen hatt minst to heile stillingar i tillegg til noverande bemanning for å kunne dekke behovet i grunnskulane.
2.19	Leksefri skule	Forskningsprosjekt, Voss ungdomsskule, i samarbeid med Høgskulen på Vestlandet. Voss ungdomsskule er stor nok til å delta i grupper med leksefri klassar/elevgrupper og grupper med lekse som no. Organisering for skulen sin del i hovudsak med noko utvida undervisnings-/repetisjonstid kvar dag eller færre dagar. Samla 1,5 millionar for ein doktorgrad, fem år a 300 000 kr.
2.21	Grunnopplæring for vaksne	Aukande behov. Mange flyktningar manglar grunnskuleopplæring. Naudsynt med ei satsing viss ein skal oppretthalde eit høgt tal flyktningar direkte over i jobb eller skule etter introduksjonsprogrammet.
2.22	Driftsmidlar IT	Dei fleste flyktningar har manglande datakunnskapar. Dette er naudsynt for at dei skal lære språket og fungere i norsk arbeidsliv.
3.3	BPA og omsorgsstønad	Fleire brukarar med omfattande tenester som har vedtak om brukarstyrt personleg assistent og omsorgsstønad. Med mål om at fleire skal bu heime, med hjelp frå pårørande, vil omsorgsstønad og BPA verta meir brukt, og det er trong for auke i framtidige budsjett.
5.1	Utvida tilbod messingblås	Ei 50% stilling som lærar i messingblås. Prioritert tiltak i kulturplanen, vidareføring av korps i skulen. Voss skulemusikk har behov for 26 elevplassar. Inntekter frå brukarbetaling ved utvida tilbod.

Nr	Tiltak	Kommentarar
5.2	Kulturskulelærer Rock & Roll	Ei 20% stilling. Prioritert tiltak i kulturplanen. Inntekter frå brukarbetaling ved utvida tilbod.
5.3	Kulturskulelærer Write an Opera	Ei 20% stilling. Prioritert tiltak i kulturplanen. Inntekter frå brukarbetaling ved utvida tilbod.
5.4	Barnebibliotekar	Prioritert tiltak i kulturplanen. Voss har fleire born på lågaste nivå i lesing både i 5. og 8. klasse enn tilsvarande kommunar og landet elles. Biblioteket kan vera med å arbeida for auka lesekompetanse i samarbeid med skulane. Det er sett av lite ressursar til skule bibliotek. Biblioteket har delteke i ei arbeidsgruppe som har laga Plan for leseopplæring i Voss kommune. Planen har mellom anna denne formuleringa: Til økonomiplan: Det bør tilsetjast ein barnebibliotekar i 100 % stilling som er lønna av både oppvekst og kultur/fritid. Vedkomande bør også vera ein ressursperson for dei ansvarlege for skulebiblioteka.
5.5	Kulturminneplan	Kulturminneplan ligg i planstrategien med 200.000 frå eksterne. Administrasjon ser at det er behov for meir midlar til eksterne ressursar i planarbeid.
6.6	Reduksjon av antal km kommunal veg	Nedklassifisering - bruksendring av kommunale vegar. Vegar utan fastbuande. Markusteigen 2,0 , Rasdalen 5 km. Kollevegen arm frå Steinevegen 1,1 km, Færesvegen 0,7 km, 1 Del av Gamle Vossestrandvegen 0,5 km. Sentrum: Bakgård Handelslag kvartalet 0,1, Austre del Bonanger gate 0,060 Stallgata 0,040. Antal km : Ca 10 km
6.7	Stell/vedlikehald kommunale uteområde	Det er så langt investert 4 mill. i strandsone med aktivitetspark i tråd med plan. Aktivitetsområdet er utvida med 5,5 dekar i sentrum, og skal fyllast med aktivitet av ulike brukargrupper. Dette medfører intensiv bruk, og eit tungt ansvar for tilsyn. Skatepark ligg an til å bli finansiert og realisert i løpet av økonomiplanperioden. Det er naudsynt med 0,5 årsverk til tilsyn, stell og vedlikehald.
6.8	Ny brannordning	Sak vert lagt fram for fellesnemnda våren 2018. Framlegget legg opp til auke med 1 årsverk, med verknad frå 2020.

6 Investeringsbudsjett 2019-22

Prioriterte tiltak

1 1000 kr.		Budsjet 2019			Budsjet 2020			Budsjet 2021			Budsjet 2022			Under- dekning
nr	Prosjekt- kostnad	Tidlegare løyvd	Låne- ramme	Tilsk./ ref. Lån utf.	Låne- ramme	Tilsk./ ref. Lån utf.	Låne- ramme	Tilsk./ ref. Lån utf.	Låne- ramme	Tilsk./ ref. Lån utf.	Låne- ramme	Tilsk./ ref. Lån utf.	Løyvd i Perioden	
	Prioriterte investerings tiltak													
	Investeringsprosjekt													
1	Større inventar/utstyr i skuler barnehager inkl. bilar	10 000	4 500	1 000	1 500	1 500	1 500	1 500	1 500	1 500	1 500	1 500	9 500	-500
2	Miljøretta helsevern/større vedlikehaldsarbeid ute og inne	8 000	4 000		1 000	1 000							7 000	-1 000
3	Miljøretta helsevern/større vedlikehaldsarbeid ute og inne	16 000	3 000	1 000	1 000	1 000							7 000	-9 000
4	Mindre tilpassingar bygg og/særlege behov hjå elevarrfor drift	4 400	2 300	600	600	600							4 700	300
5	Investering i teknisk utstyr: pleie og omsorg (til institusjonane inkl. avlastning)	12 000	2 600	700	700	700							5 400	-6 600
6	3-4 nye tenestebilar årlig Helse og omsorg	47 460	20 000	27 460	27 460	27 460							47 460	0
7	Omsorgsbustadar Utdalbotnåra eller andre alternativ	12 000	7 000	1 500	1 500	1 500							13 000	1 000
8	IT investeringar	5 000	600	2 600	2 000	2 000							5 200	200
9	Nødsstraumsaggregat beredskap	10 000	9 300	800	800	800							10 900	900
10	Rehabilit. Tinghus 1 inkl utberfing ventilasjon brannsikring	14 500	6 700	3 000	2 000	2 000							15 700	1 200
11	Diverse takrehab. kommunale bygg	3 050	1 550	500	500	500							3 550	500
12	Bygg og eigedom - utskifting av bilar	1 950	1 700	300	300	300							2 000	50
13	Grøn avdeling - maskiner/utstyr	29 500	23 500	3 000	3 000	3 000							35 500	6 000
14	Fornyng av bl- og maskinparken A nlegg & vedlikehald	25 500	19 500	3 000	3 000	3 000							31 500	6 000
15	Hovudplan Vain	27 000	21 000	3 000	3 000	3 000							33 000	6 000
16	Hovudplan Avlup	4 500	3 500	500	500	500							5 500	1 000
17	Trafikksikrings tiltak (jfr. Trafikksikringsplanen, ny rulling 2011)	18 000	12 800	1 500	1 500	1 500							14 300	-3 700
18	Fortau Gullfjordingsvegen vedteken reguleringsplan	16 600	12 100	1 500	1 500	1 500							18 100	1 500
19	Bruer jrrf internkontroll	75 000	45 000	1 000	1 000	1 000							49 000	-26 000
20	Veginvestering - opprusting kommunale vegar	900	800										800	-100
21	Tryggleikspakke Helse og omsorg	5 000	5 000										7 500	-2 500
22	Reservevassverk Børneen - 1. byggjesteig	3 700	3 700										3 700	0
23	Voss næringspark Istad 10 da - tomtekjøp/tilrettelegging	8 000	4 000	2 000	2 000	2 000							10 000	-2 000
24	Velferdsteknologi Helse og omsorg (sjølvfinansierende 5 års levetid)	16 000	3 000										3 000	13 000
25	Kulturhus del 2 - Gamle knosel	2 000	0										2 000	0
26	Ny bobuss	4 000	1 500	2 500	2 500	2 500							4 000	0
27	Utrykningsbilar brann - utskifting av køyretøy Vossestrand	200	200										400	-200
28	Lien varahl Brannvern feing	2 000	0										2 000	0
29	Rehabilitering av toalett i skulane	250	250										500	-250
30	Bil til byggesaksavdelinga, sjølvfinansierende	12 000	9 000										24 000	-12 000
31	Tiltak skulebygg jfr. KST sak 58/17	48 000	22 000										44 000	
32	Lundhaugen Omsorgsbustader MNF	22 000	4 500										9 000	
33	Istadiyrane industriområde, infrastruktur vidare utvidng	4 500	3 000										6 000	
34	Modulbygg ungdomskulen		0										9 000	
35	Bramstasjon		0											
36	Trafikksikring Lekvemoen kryss Lekkvegata - Utrågata		0											
Sum		520 210	308 800	20 200	36 460	18 600	9 000	19 800	9 000	9 000	9 000	0	504 410	-17 200

Forklarande tekst til tiltaka

Nr	Tiltak	Kommentarar
2	Større inventar/utstyr i skuler barnehagar inkl. bilar	Potten er ein samlepost for alle barnehagar og grunnskular. Årleg treng vi fornying av inventar/utstyr.
3	Miljøretta helsevern/større vedlikehaldsarbeid inne og ute	Bygg – og eigedom har ein pott som kan nyttast for å sikre at einingane blir godkjent formiljøretta helsevern og større vedlikehaldsarbeid
4	Mindre tilpassingar bygg pga særlege behov hjå elevar/for drift	Blir nytta til bygningsmessige tiltak for at barn/elevar med nedsett funksjonsevne
5	Investering i teknisk utstyr pleie og omsorg (til institusjonane inkl. avlastning)	Oppgradering/utskifting av tekniske installasjonar/teknisk rom. Installering av nytt og større nødstraumsaggregat. Teknisk rom vart ikkje rehabilitert ved siste ombygging.
6	3 -4 nye tenestebilar årleg Helse og omsorg	Behov for å skifte ut eksisterande tenestebilar. Estimert at ein kan skifte ut 3-4 bilar for 700 000 kr årleg med å anskaffe bruktbilar.
7	Omsorgsbustadar Udlabutomta eller andre alternativ	Estimert bygging av inntil 20 omsorgsbustader jf. Volumstudie frå 2016. Byggetrinn 1 med 20 bustader kan gjennomførast innanfor eksisterande reguleringsplan.
8	IT investeringar	
9	Nødstraumsaggregat beredskap	Det er naudsynt å få på plass nødstraum til å drifta dei viktigaste it-systema for krisestaben i ein evt. Beredskapssituasjon
10	Rehabilit. Tinghus 1 inkl. utbetring ventilasjon kommunestyresal/ brannsikring kjellar	Utbetring ventilasjon, brannsikring, kjellar mv.
11	Diverse takrehab. kommunale bygg	Skulebygg og kommunale utleigebustader. Det er mange dårlege tak på kommunale bygningar, både barnehagar, skular, bustadar og anna. Det er lekkasjar, laus takstein, utdatert papp etc. Det er trong for å auke årleg tildeling til 2,5 mill. pr. år, nokre tak vert sendt som egne tiltak grunna storleik. På grunn av tronge rammer i økonomiplanperioden, vel ein å skyve tiltaket til oppstart 2020.
12	Bygg og eigedom - utskifting av bilar	Utskifting av eldre bilar.
13	Grøn avdeling - maskiner/utstyr	Trong for utskifting av maskiner samt tilpassa utstyr til endra areal.
14	Fornying av bil- og maskinparken Anlegg & vedlikehald	Det er naudsynt med utskifting av maskinparken på driftsavdelinga. Dei siste åra har ein utsett investeringar lengst mogeleg. Dette har ført til investeringssetterslep, og ein treng eit løft på 3 mill. årleg i perioden.
15	Hovudplan Vatn	Det er årleg sett av inntil 3 mill. til investering i nyanlegg og utskifting av leidningsnett.
16	Hovudplan Avlaup	Det er årleg sett av inntil 3 mill. til investering i nyanlegg og utskifting av leidningsnett.
17	Trafikksikringstiltak (jfr. Trafikksikringsplanen,	Vidareføring av trafikksikringsplanen
18	Fortau Gullfjordungsvegen vedteken reguleringsplan	Vidare opparbeiding av Gullfjordungsvegen ned til Vangsgata. Arealet er regulert gjennom reguleringsplan Gullfjordungsvegen. Eit viktig areal i forhold til trafikktryggleik og utvikling av knutepunktet.
19	Bruer jmf internkontroll	Internkontrollrapport stadfestar kva tiltak som er naudsynt for å oppretthalda standarden på dei 106 kommunale bruene.
20	Veginvestering - opprusting kommunale vegar	Kommunale vegar er i dårleg forfatning, og det er ynskjeleg med nye løyvingar tilsvarande tidlegare vegfond (10 mill. årleg). Det er utarbeidd ei prioriteringsliste med utgreiing av opprustingsbehov og prioritering mellom dei ulike vegane.
21	Tryggleikspakke Helse og omsorg	Ny generasjon av velferdsteknologi og tryggleiksalarm.
22	Reservevassverk Bømoen - 1. byggjesteg	
23	Voss næringspark Istad 10 da - tomtekjøp/tilrettelegging	
24	Velferdsteknologi Helse og omsorg	Velferdsteknologi er brukarretta teknologi for tryggleik, auka sjølvstende, medbestemming og betre livskvalitet. Velferdsteknologi kan gi

Nr	Tiltak	Kommentarar
		økonomiske vinstar på millionbeløp som kan omdisponerast til bl.a. andre tenester for meir kravande brukarar. Vinstane kan realiserast gjennom auka kapasitet med eksisterande ressursar, redusere etterspurnad etter tenester frå brukar, eller redusere tidsbruk og dermed ressursbehov/bemanning for enkelte tenester. Dette er eit naudsynt tiltak for å handtere utfordringar i framtida.
25	Kulturhus del 2 - Gamle kinosal	Kulturhus fase II / Voss gamle kino renoverast som akustisk konsertlokale. Det er utfordrande at salen vert nytta som utleigelokale, då den endå ikkje er tilrettelagd for slik bruk
26	Ny bokbuss	Bokbussen er utsliten og det er trong for utskifting.
27	Utrykkingsbilar brann - utskifting av kjøretøy Vossestrand	Eksisterande brannbil er gammal og må erstattast av ny
28	Liten varebil Brannvern feiing	Grunna feiing av alle piper i kommunen, vil talet piper doblast. Det er tilsett feiarar. Feiing inngår i sølvkostområdet.
29	Rehabilitering av toalett i skulane	Dårlege sanitæranlegg på skular må oppgraderast
30	Bil til byggesaksavdelinga, sjølvfinansierande	Dersom ny organiseringa av bilparken tilseier at vi får bilar tilgjengeleg for tilsynsoppgåver og byggjesak, faller denne delen ut, men byggjesak kan finansiera bil over sjølvkost-rekneskapan til tilsyn og synfaringsooppgåver
31	Tiltak skulebygg jfr. KST sak 58/17	<p>Det vert utarbeidd kostnadskalkylar for følgjande tre prosjekt som i saka er tilrådd gjennomført på kort sikt: 1. Ungdomsskulen - Planarbeid for ny idrettsfløy vert starta opp. I ein eventuell ny fløy skal det byggjast ny kroppsøvingssal m/amfiløysing og klasserom. Planarbeidet skal òg vurdere om eit nybygg kan sikra naudsynt utviding av arealet slik at skulen kan ta imot minst 520 elevar og 20 klassar. Planarbeidet må sjåast i samanheng med det pågåande arealplanarbeidet for sentralidrettsanlegget og området rundt. 2. Oppussing av Vangen skule i samsvar med arbeidsgruppa sine innspel til kortsiktige løysingar slik at skulen får tilfredsstillande løysingar for personale og at alle rom i bygget blir rehabilitert fullt ut. 3. Det blir engasjert ein arkitekt som ser korleis Skulestad skule kan byggjast om slik at den tilfredsstillar krav for personale og elevar i framtida.</p> <p>På lang sikt: 1. Sentrumsplanen skal innehalda vurderingar om kvar det kan byggast nye skular i sentrumsområdet. Skulestrukturen i sentrumsområdet vert å koma tilbake til. 2. Utbygging ved Palmafossen blir vurdert dersom bygging av bustader i krinsen held fram i same omfang som no, det er mange ledige tomter i inntaksområdet til Palmafossen. Dersom blir godkjent at det skal byggjast bustader i Bømoen må skulen byggast på.</p> <p>Oppgraderingar som gjeld naudsynte og lovpålagde brannsikringstiltak skal ha høgste prioritet på alle skular</p>
32	Lundahaugen Omsorgsbustader MNF	Lundahaugen: Tomta kan nyttast til omsorgsbustader for menneske med nedsett funksjonsevne. Kostnadsestimat for 14–16 leilegheiter: 35 mill.kr. Det er ikkje estimert driftsutgifter då administrasjonen tilrår å starte med utbygging av Hagahaugen og Udlabu i økonomiplanperioden.
33	Istadmyrane industriområde, infrastruktur vidare utviding	Totalt ferdig utbygd vil dette koste 54 mill. kr. (iverslag frå 2010). Dette har vore utgangspunkt for pris på tomter. Dersom vi investerer dei 10 mill. kr som alt er løyvd, vil vi kome i gang med utbygginga og kunna selja tomter og byggja vidare for inntekter. Førset at salsinntekter vert tilbakeført i infrastruktur.
34	Modulbygg ungdomsskulen	
35	Brannstasjon	Brannstasjonen på Vetleflaten støttar ikkje lenger behovet kvalitetsmessig og er blitt for liten for dagens aktivitet og nye Voss kommune. Tomtekostnad uviss. Årlege driftsutgifter til eit større bygg må påreknast.
36	Trafikksikring Lekvemoen kryss Lekvemogata - Uttrågata	I samband med utbygging av nytt gymnas på Skulehaugen og nytt parkeringsanlegg i Lekvemoen er det krav om å forbetre trafikksituasjonen i Uttrågata og Lekvemoen. Det er inngått avtale mellom Statens vegvesen, Hordaland fylkeskommune og Voss kommune om ei tredeling av kostnader knytt til opparbeiding av Lekvemokrysset. Det er i tillegg behov for å gjere utbetringar på det kommunale vegnettet i Lekvemoen. Det er eit attraktivt sentrumsområde som bør prioriterast med betre tilrettelegging og utvikling

Uprioriterte tiltak

nr	I 1000 kr. U prioriterte investeringsprosjekt	Prosjekt- kostnad	Budsj. 2019		Budsj. 2020		Budsj. 2021		Løyd i Perioden	Under- dekning
			Låne- ramme	Tilsk/ ref. Lånuf.	Låne- ramme	Tilsk/ ref. Lånuf.	Låne- ramme	Tilsk/ ref. Lånuf.		
72	Aktivitetssøk og festvoknede	12 000	3 000	3 000	3 000	3 000	3 000	3 000		12 000
84	Utformning oppussing busstøper	1 800	300	300	300	300	300	300		0
8.3.30	Vossstrand omsorgstun - garasje/carport heimesplagge vaknede	1 000	500	500	500	500	500	500		1 000
8.3.31	Tinghuskvarteret - utskifting oppgradering varmeslaggedel for fjernvarme 202	800	800	800	800	800	800	800		800
8.3.32	Tinghuskvarteret - nytt vannrørnett SD-område	1 200	1 200	1 200	1 200	1 200	1 200	1 200		1 200
8.3.33	Gryta - nytt ventilasjonsnett	14 000	5 000	5 000	5 000	5 000	5 000	5 000		14 000
8.3.34	Utformningsarbeid i Vosseløst - offentlig uteareal									0
8.3.35	Strandareal langs Vangelva									0
8.3.37	Park Benaroma - ringbrett utbyggingsavtale (frist 2025)									0
4.1.1	Eiendomsforvaltning									0
8.1.1	Masseutskifting kommunale vegar distrikt			5 500	5 500					0
8.3.1	Ny hovudrammestasjon	50 000				5 500	5 500	5 500		50 000
2.1.2	Oppussing i skulene - oppgradering maskinvare til 2018-nivå	3 500				25 000	25 000	25 000		3 500
8.1.2	Kommunal veg - andel av felles prosjekt med VA	5 000				3 000	3 000	3 000		5 000
8.6.2	Barnestasjon Vossstrand	500								500
8.6.3	Ny hovudrammestasjon - utgreining									0
8.1.5	Lagebygget leiad, erstatter innleigd areal, prosjektkost nedfor									0
8.1.8	Kollektivtransportpunkt - omlegging VA-ledninger									0
8.1.9	Palmefoss-Løvegen - omlegging VA-ledninger									0
8.1.10	Oranveien nedre Møllar - utskifting av vannledning									0
8.1.11	Brynveien - utviding av kontorpassasjer	700								700
8.3.12	Utformning skulir/barnestasjon	1 600				400	400	400		1 600
8.3.14	Vedfallet - utskifting av filter/motorer i vannspesningsnett	500				250	250	250		500
8.3.15	Voss barnestasjon - nye kjøkken	150				150	150	150		150
8.3.16	Voss barnestasjon - ombygging uteområde innkjøring	500				500	500	500		500
8.3.17	Tinghuskvarteret - oppgradering uteområde	800				500	500	500		800
8.3.18	Tinghuskvarteret - utskifting vinduener NAV-åpning - ENØK	500				500	500	500		500
8.3.19	Tinghuskvarteret - oppussing fasader og utelys	800				500	500	500		800
8.3.20	Tinghuskvarteret - arbeidsplassutvikling i landskap 2 + 3. etasje - HMS	360				180	180	180		360
8.3.21	Lagebygget SOE og Driftsveid - utbedring (erstatter innleide lokaler)	1 800						1 800		1 800
8.3.22	Ungdomsskolen - Vessføy - utskifting vinduener, kledding, isolering	700								700
8.3.23	Ungdomsskolen - Austføy - isolering, vinduener, dørrensing	1 500								1 500
8.3.24	Voss skoleheim - ventilasjon 1. og U. etg	1 200								1 200
8.3.25	Gullfjordingen skule - SFO full rehabil. innvendig	500								500
8.3.26	Barnforebyggjende sliak - kommunale bygg	500								500
8.3.27	Skolestad skule - pensjonstom, planarbeid start 2018									0
8.3.28	Ungdomsskule skuleforføy - rivningsarbeid av undervisningsbygg	2 000								2 000
8.3.29	Adgangskontrollsystem i kommunale bygninger	26 700								26 700
	Voss barnestasjon - tilbygg	31 200								31 200
	Bulken og Gjernes barnestasjon - samanslåing	500								500
	Lundhaugen omsorgsbustader - utstyr									0
	Kommunalt kjøkken - estimat for byggekostnad frå rapport 2016									0
	Kommunalt kjøkken - utstyr									0
	Bygging av handarbeidsbustader									0
	Responsentier/ beredts kjøpsentier									0
	Skule rus og psykiatriske									0
	Utskifting av matrikkelvaretil kvart 3.år.									0
	Beredskapsentier/beredskaps									0
	VTA plussar									0
	Mobiltelefoner									0
	Sum upprioritert	93 250	3 300	43 080	0	78 530	0	42 800	46 200	91 450
	Sum totalt	613 460	312 100	63 280	36 460	97 130	9 000	62 600	564 410	74 250

Forklarande tekst til tiltaka

Nr	Tiltak	Kommentarar
72	Aktivitetspark og festivalområde	Arealet er regulert gjennom områdereguleringsplan for Strandareal langs Vangsvatnet. Kostnaden ved opparbeiding er stor og området må truleg opparbeidast over fleire år. Det må jobbast med å få ei fornuftig prioritering og oppbygging av dei ulike elementa som skal inn.
84	Uteområde opprusting bustader	
6.3 .30	Vossestrand Omsorgstun - garasje/carport heimespl/lager vaktmeister	Garasje/carport til heimesjukepleie, lagerplass for div utstyr vaktmeister
6.3 .31	Tinghuskvartalet - utskifting/oppgradering varmeanlegg/oljefyr fjernast 2020	Utskifting og oppgradering varmeanlegg. Oljefyr fjernast 2020
6.3 .32	Tinghuskvartalet - nytt/samkøyrt SD- anlegg	Nytt og samkøyrt SD-anlegg
6.3 .33	Gryto - nytt ventilasjonsanlegg	Nytt ventilasjonsanlegg
6.3 .34	Utomhusområde Idrettsplassen/Vossabadet - offentlig uteareal	Me har no midlar til å få laga ein reguleringsplan. Men det må setjast av midlar til opparbeiding av ny infrastruktur og uteområde.
6.3 .35	Strandareal langs Vangsvatnet	Arealet er regulert gjennom områdereguleringsplan for Strandareal langs Vangsvatnet p-id 2010010. Det er i tillegg utarbeida ein formingsrettleiar som skal vere rettleiande for alle tiltak som skal etablerast innanfor området. Det trengs midlar til gjennomføring av tiltak som er regulert. Det gjeld ljøs, møblering, opparbeiding av ulike aktivitetssoner, tilrettelegging for sitteplassar. Arbeidet med opparbeiding kan gjennomførast etter prioritert rekkefølge over tid. Ynskjer ein eit attraktivt strandareal må setjast av midlar til kontinuerleg drift av strandarealet.
6.3 .37	Park Panorama - inngått utbyggingsavtale (frist 2025)	Fortettingsprosjekt i sentrum. Arealet er regulert gjennom detaljreguleringsplan for Park hotell Vossevangen p-id 2013007. Det er inngått utbyggingsavtale med utbyggjar. Vedteken utbyggingsavtale gjev Voss kommune eit kontantbidrag slik at definerte tiltak i området kan gjennomførast. Voss kommune skal vere ansvarleg for utbygginga. Dette er eit viktig tiltak i samband med offentlig tilrettelegging for god bustadfortetting i sentrum. Prosjektet må gjennomførast innan tidsfrist, elles vil kommunen miste kontantbidraget. Frist 2025
4.1 .1	Elvesikring Elvegata	NVE prosjekt frå Mylna og ned til Elvegata har stoppa opp pga. kostnader. Det er veldig viktig og få fullført prosjekt som er starta opp. Det er behov for midlar til gangbru under jernbanebrua og samankopling av gangveg til gatetunet i Elvegata. Viktig sentrumsprosjekt i ein del av sentrum som treng oppgradering. Samanhengande gang/sykkelveg frå Mylna og gjennom Prestegardsmoen er eit viktig mål.
6.1 .1	Masseutskifting kommunale vegar distrikt	Stort etterslep med å få vegar opp på akseptabelt nivå. Viser til prioritert vegliste
6.3 .1	Ny hovudbrannstasjon	Tilfredsstillar ikkje krav, for liten, Arbeidstilssynsrapport med pålegg. Tomtekostnad uviss. Årlege driftsutgifter til eit større bygg må påreknast og innarbeidast i seinare økonomiplan.
2.1 .2	Digitalisering i skulane - oppgradering maskinvare til 2018-nivå	Det er trong for midlar til investeringar i skulane framover. Maskinparken:· Oppgradering av pc-ar og andre digitale verktøy· Norm på minimum 2 elevar pr. pc på 1. til 7. trinn· Innan2020 skal alle elvar på ungdomsskulane ha tilgang til ei maskin/digital eining.
6.1 .2	Kommunal veg - andel av felles prosjekt med VA	Tiltak på veg fører med seg også oppgradering VA. Separering overvatn – spillvatn. Reduserer projektkost med del VA på 8 mill. (sjølvfinansiert). Fordeling av kostnad på Veg, VA, Voss Energi. Viser til liste saneringsplan VA,
6.6 .2	Brannstasjon Vossestrand	Avvik frå arbeidstilsynet også i desse lokala. Det må avklarast om det skal byggjast nye lokala eller leiga. Årlege driftsutgifter vert om lag kr 200.000 avhengig av løysing.
6.6 .3	Ny hovudbrannstasjon - utgreiing	Kommunalsjef har utarbeidd mandat for arbeidsgruppe for utgreiing av plassering og lokala for hovudbrannstasjon.

Nr	Tiltak	Kommentarar
6.1.5	Lagerbygg Istad, erstattar innleigd areal, prosjektkost nedanfor	Sjølvfinansiert, leiger areal i dag. Prosjektkkost ligg på BOE nedanfor.
6.1.8	Kollektivknutepunkt - omlegging VA-leidningar	Kollektivknutepunkt. Svv har lagt ut 2 ulike alternativ på enterprise, og vil ta avgjersle i løpet våren/sommaren 2018. Forventa oppstart etter sommarferie 2018. Kostnader ligg i anbudet.
6.1.9	Palmafoss-Liavegen - omlegging VA-leidningar	Omlegging Palmafossen næringsbygg (fellesprosjekt, mest vesentleg for VA pga. kryssing rv13). Separering overvatn.
6.1.10	Osavegen-nedre Mølster - utskifting avløpsleidning	Utskifting av avløpsleidning. Ferdigprosjektert. Klart til å senda ut på konkurranse.
6.1.11	Brynavollen - utviding av kontorkapasitet	Utviding av kontorkapasitet Brynavollen
6.3.12	Uteområde skular/barnehagar	1 anlegg kvart år i planperioden
6.3.14	Vetleflaten - utskifting vifter/motorar i ventilasjonsanlegg	Utskifting vifter/motorar i ventilasjonsanlegg
6.3.15	Voss barnehage - nytt kjøkken	Nytt kjøkken
6.3.16	Voss barnehage - omarbeiding uteområde/ny innkøyring	Omarbeiding uteområde/ny innkøyring
6.3.17	Tinghuskvartalet - oppgradering uteområde	Uteområdet i kvartalet
6.3.18	Tinghuset - utskifting vindauge NAV-fløy - ENØK	Utskifting vindauge NAV - ENØK
6.3.19	Tinghuset - oppussing fasadar og utelys	Opp-pussing fasadar og utelys
6.3.20	Tinghuset - arbeidsplassbelysning i landskap 2. + 3. etasje - HMS	Arbeidsplassbelysning i landskap 2. + 3. etg
6.3.21	Lagerbygg BOE og Driftsavd. - Istadmyrane (erstattar innleigde lokale)	Erstatning for leigde areal Bømoen og Istad. Finansierast av innspart husleige.
6.3.22	Ungdomsskulen - Vestfløy - utskifting vindauge, kledning, isolering	Utskifting vindauge og kledning, isolering
6.3.23	Ungdomsskulen - Austfløy - isolering, vindauge, drenering	Isolering og kledning. Drenering
6.3.24	Voss sjukeheim - ventilasjon 1. og U. etg	Ventilasjon i 1. etg og underetg
6.3.25	Gullfjordungen skule - SFO full rehab innvendig	SFO: full rehab. innvendig
6.3.26	Brannførebyggjande tiltak - kommunale bygg	Budsjettpost brukt opp 2018. Treng påfyll
6.3.27	Skulestad skule - personalrom, planarbeid starta 2018	Personalrom - planarbeid starta 2018
6.3.28	Ungdomsskule idrettsfløy - rivast/erstattast av undervisningsbygg	Riva og erstatta med nytt undervisningsbygg
6.3.29	Adgangskontrollsystem i kommunale bygningar	Nytt automatisk berøringsfritt adgangssystem i komm. bygg. Tett samarbeid med IT
	Voss barnehage - tilbygg	
	Bulken og Gjernes barnehage - samanslåing	
	Lundhaugen omsorgsbustader - utstyr	
	Kommunalt kjøkken - estimat for byggekostnad frå rapport 2016	
	Kommunalt kjøkken - utstyr	
	Bygging av hardbruksbustader	
	Responscenter/ beredskapscenter	

Nr	Tiltak	Kommentarar
	Bilar rus og psykiatritenesta	
	Utsifting av minibuss/varebil kvart 3.år.	
	Beredskapssenter/ helsehus	
	VTA plassar	
	Modellbibliotek	

7 Oppvekst

Økonomi

I kommunalavdeling oppvekst held ikkje budsjettrammene tritt med ein aukande masse komplekse og tunge saker i alle tenestene. Dette gjer at økonomien vert opplevd som stram og uhandterleg av einingane, spesielt i grunnskulane og barnevernet. Tidleg i år vart det iverksett tiltak som skulle redusere dei aukande utgiftene, noko som har vært utfordrande å gjennomføra.

I tenesteanalysen frå tidlegare i år kan ein vise til stabil vekst både i elevtal, barnehageborn og born/ungdommar i barnevernet. Elevtalet er vanlegvis det som styrer auken i driftsutgifter, men det er ikkje tilfelle for Voss. Her er auken i driftsutgifter samansett. Mellom anna er kostnader knytt til spesialundervisning ei utfordring. 7,1% av elvane får spesialundervisning, noko som utgjer heile 21% av undervisningstimane.

Innan barnevernet er behandling av akuttsaker ei utfordring. Dette er med på å dra utgiftene opp. Voss er den kommunen med høgast kostnader knytt til barn i barnevernet per innbyggjar blant samanlikningskommunane og kommunegruppe 11.

Det kjem færre flyktningar enn tidlegare år, noko som fører til reduserte inntekter, men høge utgifter dei komande åra. Integreringstilskotet vil gje kommunalavdelinga ein reduksjon i rammetildelinga.

Eit mål for oppvekst er ei tettare oppfølging av einingane for å halde utgiftene stabile, slik at utgangspunktet for 2019 er noko betre enn for 2018.

Vidareføring av tidlegare tiltak frå økonomiplan 2018-2021:

Driftsmidlar til IT-utstyr andre einingar i oppvekst 2018

Ved førre økonomiplan vart det påpeika eit spesielt behov for opprusting av IT-utstyr i barnehagar og grunnskular. Her ligg Voss kommune langt under andre kommunar i nivå. Dette tiltaket fell bort i tråd med økonomiplanen frå i fjor, på tross av at det framleis er eit behov. I lys av dette blei det lagt fram ei satsing på opprusting av IT i skulane ved årets økonomiplan.

Auka driftsutgifter Voss ungdomskule

Voss ungdomskule fekk i økonomiplan 2018-2021 ein auke i driftsutgifter grunna overforbruk. Det blei sett i gang organisatoriske grep for moglege reduksjon i utgifter. I tråd med økonomiplanen vil tiltaket halde fram til 2019, men verta redusert i 2020-2022. Det er framleis store utfordringar i grunnskule generelt, noko som er blitt tatt med i utarbeidinga av årets økonomiplan.

Nye tiltak lagt fram i økonomiplanen 2019-2022:

Auke i driftsbudsjett - skular

Grunnskulane på Voss treng ein betydeleg auke i ressurstildelinga for å kunna løysa oppgåvene sine på ein forsvarleg måte, i tråd med lovverket. Me har mange elevar med store og samansette behov. Dette stiller krav til både vaksentettleik og behov for kompetanse. Det vert innført ny læreplan hausten 2019. Grunnskule hadde store budsjettoverskridingar i 2018, spesielt knytt til løner, noko som i hovudsak skuldast auke i kompliserte og krevjande elevsaker. Tiltaket har som hensikt å gje lærarane større pedagogisk handlingsrom og kan sjåast i samband med tiltaket om ambulerande team. Dette tiltaket ikkje vil tre i kraft før 2019.

Ambulerande team

Oppvekst ser behov for å etablere eit ambulerande team for elevar med ulike åtferds- og samspelevanskar, og som har vedtak etter § 2.6 og/eller § 5.1. Voss kommune har relativt store utfordringar i oppvekstsektoren. Dette kan delvis forklarast med at kommunen har 2 barneheimar, tek i mot flyktningar (EM-tiltak), fleire barneverns-saker og tidvis opphoping av utfordringar i elevgruppa.

Det vert i dag nytta store ressursar, både økonomiske og menneskelege på å finna ad hoc-løysingar når behov for alternative tiltak oppstår. Med eit ambulerande team eller ein base for opplæring utanfor skulen, der elevar i periodar får tett og relevant oppfølging av eit tverrfagleg team, vil det heile vera meir føreseieleg for både tilsette, elevar og foreldre/føresette. Personalet (i eit ambulerande team) kan fungera som eit rettleiingsteam overfor skulane i utfordrande saker. Likeins kan dei driva utøvande verksemd på dei ulike skulane og/eller ein alternativ arena. På den måten vert det førebyggjande aspektet også ivaretatt på ein god måte.

Mange av skulane har elevar som ikkje kan delta i vanleg undervisning og som ikkje kan vere i skulebygget på grunn av utrygghet eller åtferd gjerne knytt til traume eller liknande. Skulane må pr. i dag bygge kompetanse, organisere og tilsette eigna personale kvar for seg. Det er krevjande å finne kompetente folk, og det er utfordrande å finna lokale i slike saker. Med ei fast organisering, kan me bygga kompetanse og ha ein meir føreseieleg økonomi. I dag går det altfor lang tid frå behovet oppstår til me har på plass noko som fungerer.

Tilbakeføring til ordinær skule og klasse skal vera hovudmålet for alle elevar som mottar alternativ opplæring. Progresjonen i ei slik tilbakeføring er avhengig av eleven si utvikling, der det alltid skal takast omsyn til eleven sitt beste.

Auke i lønsmidlar barnehagar

Regjeringa foreslår ny bemanningsnorm som skal tre i kraft frå 1. august 2018. Ny bemanningsnorm stiller krav til tal tilsette i barnehagen og seier at det skal vera ein voksen per tre barn under tre år og ein vaksen per seks barn over tre år per vaksen. Lovforslaget utgjer eit samla behov for 7 nye årsverk i kommunale barnehagar.

Overgangsreglar: Fleirtalet i Stortinget sin utdanningskomité har i innstilling til Stortinget forutsett at barnehageeigar får fram til 1. august 2019 med å tilpasse seg nye reglar. Ut frå dette legg kommunebudsjettet opp til styrka barnehagebemanning med 7 årsverk frå 1. august 2019.

Tilsvarande auke i tilskot til private barnehagar

Ei auke i driftsutgifter til kommunale barnehagar vil føra til auka kommunalt tilskot til private barnehagar frå 2021 som følgje av tiltaket om «Auke i lønsmidlar barnehagar».

Driftstilskot private barnehagar

Driftstilskot til private barnehagar er budsjettert for lågt. Driftstilskot utgjer kommunalt tilskot, refusjon søskenmoderasjon og inntektsgradert foreldrebetaling. Ein av grunnane er at 3 åringer fekk rett på gratis kjernetid frå hausten 2016 og dette fekk vi heilårseffekt på i 2017. I tillegg er det innført ei overgangsordning for private barnehagar i høve tilskot til pedagogisk bemanning dette tredde i kraft frå hausten 2017 utgjer for hausthalvåret 219,- og om lag 519,- for 2018. Samla vil tilskot til private barnehagar ligge over budsjettet med om lag 300- 400,-.

Drift av barnevernsvakt

Organisering av barnevernsvakt som er det aktuelle alternativ pr. i dag, er medlemskap i prosjektet «Hordaland barnevernsvakt». Drift av dette alternativet til barnevernsvakt har eit kostnadsoverslag på mellom 500.000 og 700.000 kr. Hordaland barnevernsvakt vil vere arbeidsgjevar og kommunen kjøper seg inn i som medlemskommune. Målet frå Fylkesmannen er å få med alle kommunar i Hordaland inn i denne ordninga. Kommunar som kjøper vaktordning av Bergen barnevernsvakt vil også vere med. Bergen vil ha ei eiga vakt i samarbeid med Hordaland barnevernsvakt. Beredskap for barn er lovpålagt på lik linje med eksempelvis beredskap for brann i kommunen. Planen er å ha ein sentral i Bergen med leiar for barnevernsvakta og som fungerer som kommunikasjonsentral for Hordaland fylke (nummeret politiet og andre skal ringe). Vidare skal ein operere med tre «satellittkontor». Det er framlegg om at Voss kan vera eit slikt satellittkontor.

Fellesadministrasjonen/staben i oppvekst merkar auka arbeidsmengd innan sakshandsaming og auka tal klager.

Innsparing vakanse

I oppvekst stab er det ein 30% vakanse der det ikkje vil bli tilsett nokon på kort sikt. Administrasjonen reknar difor dette som ei innsparing i økonomiplanperioden.


Brukarperspektiv

Det er store behov når det gjeld bygningsmessig opprusting av skulane, både med tanke på fornying av inventar og andre større bygningsmessige tiltak. Dette gjeld spesielt Vangen skule, Skulestad skule, Evanger skule, Bulken skule og Gullfjordungen skule. Voss ungdomsskule har behov for ny gymsal, og modulbygget må erstattast med ordinære klasserom som del av rehabilitering av idrettsfløyen. Når det gjeld Skulestad skule er det behov for ei total rehabilitering. Kostnaden på dette er av ein slik art at ein bør vurderer om ny skule er det beste alternativet.

Vangen skule har også eit stort opprustingsbehov. Her bør ein vurderer å byggja ein ny etasje, der mellom anna arbeidsrom for lærarane får prioritet. Kjøp av Høgskulebygget bør også vurderast.

Frå og med skuleåret 2018-2019 er det innført ein norm for lærartettleik. Dette er ein norm for forholdstal mellom lærarar og elevar i ordinær undervisning. Gjennomgang av lærarnorm for Voss kommune viser at dei fleste skular ligg innanfor det norma krev av lærartettleik; dvs. 16 elevar frå 1.-7. klasse og 21 elevar frå 8. til 10. klasse. Det er berre Voss ungdomsskule som kjem ut med 0,6 årsverk for lite i høve denne norma. Skulestad skule ligg akkurat innanfor, og vil koma ut med for låg lærartettleik neste år, når norma vert endra til 15 elevar frå 1.-7. klasse og 20 elevar frå 8.-10. klasse.

I grunnskulane er det auka utfordringar knytt til elevar som har det vanskeleg og som treng ekstra oppfølging i skuletida. Det er også utfordringar knytt til elevar med stort skulefråvær (skulevegging m.m.) som også krev særskilt oppfølging




I Voss kommune vil alle søkjarar med lovfesta rett til barnehageplass få tilbod om plass. Voss kommune kan ikkje tilby barnehageplass til søkjarar utan lovfesta rett utan å auka driftsbudsjettet til barnehage. Det er ledig kapasitet i Kløve barnehage.

Det er framleis press på barnehageplassar i sentrum. Årleg har kommunen mellom 30-80 barn som ønskjer plass gjennom året. Dette er søkjarar utan rett på plass.

Bulken og Gjernes barnehagar må prioriterast med investeringsmidlar. Lokala er nedslitne og nybygg bør vurderast.

Barnevern, Helsestasjon- og skulehelsetenesta og PPT er i gang med organisering av tenestene i samsvar med kommuneplanen. Vi er i rute i høve planlegging av samlokalisering i det komande næringsbygget som er ein del av "Knutepunkt Voss".

Barneverntenesta har i dag ansvar for 36 barn i fosterheimar eller i institusjon. Vidare gjev dei ti tilbud til 92 barn som bur heime. Tenesta har hatt svært mange krevjande saker siste par åra. Tenesta har også mange saker som er akuttprega. Som figuren under synar, er utgiftene knytt til barnevernet høge samanlikna med andre kommunar.



PPT har mange utfordrande oppgåver. Det vert arbeida for ei omlegging i arbeidet ved tenesta frå individretta saker til meir arbeid med systemsaker. Dette medfører at PPT tilsette treng meir kompetanse i høve arbeid med grupper, organisasjon og system.

Voss helsestasjon og skulehelseteneste fekk i 2017 nye retningslinjer for tenesta. Dette inneberer meir målretta arbeid for å avdekke psykisk helse, rus, vald og overgrep, inkludert seksuelle overgrep. Helsestasjonen skal førebyggje meir og samarbeide i større grad med barnehagar, skular og andre instansar.

Medarbeidarperspektiv

Oppvekst har engasjerte leiarar som er opptatt av å halda sine budsjett og finna gode løysingar innanfor knappe rammer og innsparingstiltak. Dei ulike einingane prøver etter beste evne å halde budsjettrammer. Særleg barnevern og grunnskule har større aktivitet enn det kommunale løyvingane tillate.

Korttidssjukefråvær er framleis lågt. Det er framleis langtidsfråværet som er utfordringa, og det vert arbeid med dette.

Tal søkjarar til ledige stillingar innan oppvekst er relativt høgt. Unntaket er leiarstillingar der vi tidvis har relativt få søkjarar.

Interne prosessar

Nye Voss kommune vert etablert i 2020. Organisasjonsutviklingsprosessen fram til den nye kommunen er etablert vil bli dominerande i arbeidet framover.

Administrasjonen jobbar internt med ny forskrift om pedagogisk bemanning i barnehagane som trer i kraft frå 1.8.18, og framlegg til ny grunnbemanning som etter planen også skal tre i kraft frå same dato. I den samanheng vert det sett på kva konsekvensar dette får for barnehagane.

Støttetjenestene for barn og unge har føreteke ny organisering av nokre tilsette etter 1. mars. PMTO terapeutane og Familiesenteret er utskilt frå sine avdelingar og er direkte underlagt leiar for støttetjenestene. Logopedane er også utskilt frå Vaksenopplæringa og blir overført administrativt til PPT. Elles er det aktivt arbeid med rutinar for samarbeid kring barn og familiar i Støttetjenestene.

Visjonen i Voss er frå «mine barn og familiar» til «våre barn og familiar».

Rammenedtrekk

Det er lagt inn eit rammenedtrekk på 2,3 mill. kr i 2019, 3,7 mill. kr i 2020 og 7,5 mill. kr i 2021 og 7,7 mill. kr i 2022. Nedtrekket er tenkt innretta mot driftsutgifter knytt til flyktningar. Konkrete tiltak vert å kome attende til.

8 Helse og omsorg

Økonomi

Tenestene innan helse og omsorg skal fremje innbyggjarane si helse og evne til meistre livet så lenge som mogeleg utan offentleg hjelp. Samtidig skal det sikrast at dei som har behov for og rett på tenester, mottar naudsynte tenester.

Tenestene i helse og omsorg rettar seg mot personar i alle aldersgrupper som har pleie- og omsorgsbehov. I tillegg har avdelinga ansvar for at innbyggjarane får helse- og sosialtenester etter behov.

Utviklingstrekk og hovudutfordringar

Analyse av nøkkeltal for helse og omsorg syner at Voss er ein kommune som prioriterer institusjonsdrift og har god dekning av institusjonsplassar, samanlikna med kommunegruppe 11. Netto driftsutgifter for både institusjonsdrift og heimeteneste er lågare enn kommunegruppa. Dette er ei ressurskrevjande organisering som bør leggest om på sikt.

Prognose for 2018 syner at utgiftsnivået er over budsjettet, og underbyggjer at det naudsynt med omlegging av teneste og styrking av enkelte områder. Helse og omsorg opplev vekst i brukarbehov, både fleire brukarar og brukarar med meir omfattande behov. Dette har vore tilfelle siste åra og vil truleg fortsetje, sett i lys av at kommunen får nye og meir komplekse oppgåver, fleire tenestemottakarar og auka forventingar frå innbyggjarar. Kommunen opplev også vanskar med rekruttering av fagfolk og knappheit på ressursar. Dette gjer at avdelinga må satse på utvikling av tenestene og flytte fokus til førebygging. Satsingsområde for å møte utfordringane vil vera:

- Tiltak for å auka livsmeistring og at innbyggjarar klarar seg utan hjelp så lenge som råd. Dette vil bl.a. handla om fokus på desse områda:
 - Lågterskeltilbod for helsefremjande aktivitet
 - Innføring av velferdsteknologi
 - Kvardagsrehabilitering
 - Ernæring
 - Dagtilbod
- Bygga ny kommune med rettvís tildelingspraksis, berekraftige tenester og effektive arbeidsmetodar
- Utvikling av omsorgsbustader på Lundhaugen og Udlabu som gjer bebuarar så sjølvhjelpne som råd
- Omlegging av tenester for å bli meir rettvise og brukartilpassa

Avdelinga jobbar heile tida med å finne rom for utvikling og forbetring innanfor budsjetttramma. Mykje av endringar og nye tiltak blir derfor mogeleg gjennom effektiviseringstiltak. Det er likevel enkelte områder administrasjonen meiner treng ei auke i budsjetttramma. For å finne rom til nye tenester og tilbod meiner også administrasjonen at det er naudsynt å vurdere omlegging av eksisterande tenestetilbod.

Vidareføring av tidlegare tiltak som vart lagt fram i økonomiplan 2018-2021:

Førebygging og aktivitet

Som del av strategi 2015-2025 Morgondagens omsorg i mine og dine hender, skal kommunalavdelinga jobbe for å flytte fokus frå behandling til førebygging og ha god tilgang til førebyggjande aktivitetar. Det er ikkje funne rom for å vidareføre dette tiltaket i frå 2019 og midlane til dette er no fjerna. Kommunalavdelinga vurderer likevel at behovet for midlar innan førebygging er svært viktig for å kunna handtera utfordringar som ein vil møte i framtida.

Velferdsteknologi - mottak

For å kunne implementere teknologi som skapar tryggleik og gjer brukarar meir sjølvstendige er det behov for å opprette ein mottakssentral for informasjon og oppfølging av alarmer, signal og oppfølging. Det er ikkje funne rom for å vidareføre tiltaket frå 2019 og midlane er difor fjerna. Kommunalavdelinga vurderer likevel at det er stort behov for å finne ei løysing på dette i åra framover.

Styrking heimetenesta

Veksten i omsorgstenestene har i den siste tida vore relativt stor for dei ulike tenesteområda for eldre. Dette skuldast mellom anna større brukargrupper og -behov, auka forventningar og ein tydeleggjering av ansvarsfordelinga mellom kommune- og spesialisthelsetenesta som følgje av samhandlingsreforma. Dette inneberer bl.a. at ein større del av behandlingsansvaret no er flytta frå spesialisthelsetenesta til kommunen, og at det er blitt fleire eldre som har omfattande behov for tilsyn og pleie i heimen. Kommunalavdelinga har arbeida kontinuerleg med å finne gode løysingar på utfordringane. Det er behov for å få betre både kompetanse og kapasitet i heimetenesta for å møte dei nye utfordringane. Behovet dei neste åra vert forsterka av at framskrivingar av folkesetnaden viser at Voss kommune vil ha 100 fleire eldre mellom 67 og 79 år i 2020 samanlikna med 2017. KOSTRA-tal syner også at Voss kommune bør styrke heimetenesta høve institusjon. Voss brukar nær 60% av netto driftsutgifter innan pleie og omsorg til institusjon, mot ca. 40% i kostragruppe 11. Voss kommune kan tilby meir kostnadseffektive tenester med å flytte fokuset til meir heimebaserte tenester. Med ei auka ramme vil dei då verta betre rusta til å driva med førebyggjande arbeid samt handtere fleire utskrivingsklare pasientar i heimen.

Auka etterspurnad tenester for menneske med nedsett funksjonsevne.

Me ser ein betydeleg auke i behovet for tenester til menneske med nedsett funksjonsevne. Levealderen aukar som i resten av befolkninga og behovet for auke i tenester er merkbart i frå 50 års alderen. I 2020 er det estimert at Voss har ca. 25 personar mellom 50-73 år, i tillegg vert pårørende også eldre og har mindre kapasitet til å ha sine på besøk. Samtidig ser me at også den yngste gruppa, med behov for avlastning, også aukar. Overgang frå barneskule til vidaregåande fører til større behov for avlastning.

Dagtilbod menneske med nedsett funksjonsevne og eldre

Fleire personar vil ha behov for dagtilbod dei næraste åra. Dette gjeld både unge med nedsett funksjonsevne som ikkje er arbeidsføre og eldre heimebuande som treng aktivitet og avlastning. Grunna at Voss er eit knutepunkt for vidaregåande skule må me forventast 3-4 nye brukarar årleg for den fyrstnemnde gruppa framover. Ein vil også vurdere omlegging av tidspunkt for dagtilbod for eldre slik at det vert meir tilpassa deira behov. Dagtilbod er eit viktig tilbod for å utsetje behov for meir omfattande tenester.

Sosialhjelp flyktningar

Flyktningar har rett på hjelp til å koma i arbeid og aktivitet, og økonomisk sosialhjelp på mykje same måte som andre innbyggjarar i Voss kommune. Flyktningar får introløn dei 2 første åra dei er på Voss, nokre får intro løn i eit ekstra år. Kommunen får integreringstilskot i 5 år. Flyktingtenesta vil ha dei største utgiftene gjennom introløn dei 2 første åra. Personar i fødselspermisjon eller som av andre årsaker ikkje kan fullføre intro-programmet vil få sosialhjelp frå NAV i staden. Vi reknar med 5 personar med permisjon frå Intro kvart år frå 2016. Dei som har med seg born og får familiegjenforeining vil få supplerande sosialhjelp. Budsjettet frå 2017 vart difor auka som følgje av estimatet på vekst. Dette er no nedjustert då auken ikkje har vore så stor som venta. NAV treng likevel ressursar til sakshandsaming og til å fylgja opp og vera tett på slik at vi kan motivera og kartlegga desse slik at vi kan få dei i arbeid/aktivitet. Dette vil på sikt redusera sosialhjelpsbudsjettet då fleire vil koma i ordinært arbeid, og vert difor vurdert som eit førebyggjande tiltak. Erfaring viser og at gruppa også treng oppfølging etter at dei har kome i arbeid/aktivitet for å halda fram.

Omsorgsbustader

Voss kommune opplev stor etterspurnad etter tenester frå alle brukargrupper. Dette gjer at ein har stort behov for å bygga omsorgsbustader som gjer det mogeleg for personar å bu i sin eigen heim sjølv om dei har eit bistandsbehov. Ein ynskjer derfor å byggje fleire omsorgsbustader for å dekke bustadbehov i dag og framtidige behov som vil koma. Omsorgsbustader vil krevje alt frå heildøgns bemanning til at heimetenesta gir tenester ved behov. Det er størst behov for omsorgsbustader med bemanning i dag for menneske med nedsett funksjonsevne og eldre med middels-stort pleiebehov.

- Udlabutomta: Byggetrinn 1 kan gjennomførast med eksisterande midlar, jf. Økonomiplan 2017-2020 og 2018-2021. Behov for driftsmidlar til bemanning vil avhenge av ferdigstilling av bygg. Ut i frå kjend kapasitet til prosjektering/styring og innkjøp vil dette tidlegast kunne starte seint hausten 2017. Dersom ferdigstilling i løpet av 2019 vil det vera behov for minimum 7 mill.kr årleg med full drift av ca. 20 omsorgsbustader etter det. Behov for driftsmidlar vil avhenge av andre tenestetilbod i kommunen.
- Lundhaugen: Tomta kan nyttast til omsorgsbustader for menneske med nedsett funksjonsevne. Det er no planlagt bygging av 12 omsorgsbustader på tomte. Driftsmidlar for dette kjem frå flytting av bu-tilbod for 8 personar i Lekvebakken b/c til Lundhaugen.
- Administrasjonen tilrår at fleire institusjonsplassar vert omgjort til plassar i omsorgsbustad. Per i dag er driftsmidlar for omsorgsbustader på Udlabutomta/Vetleflaten tatt ut frå økonomiplan. Dersom prosjektet skal realiserast må det finnast rom for drifta. Aktuell omlegging er bl.a. å gjere om aldersheimsplassar på Hagahaugen til omsorgsbustader på Udlabutomta. Dersom omlegging av tenester skal fullfinansiere drift av omsorgsbustader på Udlabutomta/Vetleflaten vil det vera naudsynt med større omlegging enn berre 12 aldersheimsplassar. Omlegging av tenestetilbodet kan likevel bidra til ei betre utbygging av kapasitet i omsorgstrappa etter brukarbehov. Dette vil også kunne frigje plassar på Hagahaugen til rehabiliteringsplassar i samarbeid med andre aktørar. Kommunale rehabiliteringsplassar vert truleg pålagt tilbod i kommunane framover. Sistnemnde tiltak er under utgreiing.

Rammenedtrekk

Det er lagt inn eit rammenedtrekk på 1,5 mill. kr frå 2020-2022. Konkrete tiltak må vurderast etter kost-nytte vurdering.

Brukarperspektiv

Folkesetnaden lev lengre, og for dei aller fleste er dette ei positiv utvikling. Med aukande alder kan fleire tilstandar oppstå og fleire tilstandar er mogleg å behandla eller leva godt med, på grunn av nye behandlingsmetodar. Forventningane til helsetenesta er likevel aukande og det er venta at dette fortset. Dei fleste eldre ynskjer å bu i heimen sin så lenge som mogleg, også etter at dei opplever funksjonssvikt. Me ventar også at talet på personar som utviklar demenssjukdom er aukande. Kunnskap innan dette feltet gjev tydelege føringar om at tidleg intervensjon hjå desse brukarane er viktig. Det er vidare ein auke i tal unge med komplekse problem og nedsett funksjonsevne, som treng ulike former for helse- og omsorgstenester. Dette gjeld aktivitetstilbod, avlasting og ulike bu-tilbod. I Voss kommune er det også høg del eldre over 90 år, og dette inneber vedvarande behov for institusjonsbaserte tenester for denne gruppa. Største auken i brukargrupper næraste åra vil vera eldre under 80 år.

Oppsummert har veksten i helse- og omsorgstenestene på Voss den siste tida vore relativt stor for dei ulike tenesteområda. Dette skuldast bl.a. større brukargrupper og auka forventingar til tenesteytar. For å handtere vidare auke er kommunalavdelinga nøydt til å tenke nytt i korleis tenester vert tildelt og utøvd. Meld.st.15 gjev klare føringar på korleis me skal setja brukarar i sentrum.

Medarbeidarperspektiv

Ein av dei største utfordringane kommunen står overfor er å ha tilstrekkeleg med fagpersonell til å utøve tenestene. Det å rekruttere, halde på dyktige medarbeidarar og nytte personell på ein god måte vil vera eit viktig satsingsområde framover.

Avdelinga vil også jobbe med å styrke kompetanse for å handtere nye og meir komplekse oppgåver i framtida. Dette gjer me blant anna gjennom å utarbeida eit kvalitetsverktøy, for både leiar og tilsett. Her vil me til ei kvar tid kunna fylgja med på kva for kompetanse me har i avdelingane og kva me må utvikla vidare.

Interne prosessar

Med knappe ressursar innanfor området vil det vera viktig å jobba med tenesteutvikling, effektive arbeidsprosessar og innovative løysingar.

Nasjonale føringar peiker også på at ein må tenka annleis, spesielt innanfor helse og omsorg, for å handtere utfordringar i framtida. Innovasjon og utvikling må framskundast for å dekkja behovet og etterspurnaden etter tenester framover. Nytenking og førebygging må prioriterast.

Administrasjonen vil gjere vidare utgreiingar om behov for omlegging av ulike tenestetilbod. Kommunen har lenge hatt eit udekkja behov for tilpassa bustader for personar med nedsett funksjonsevne, psykiske vanskar og rusproblem.

9 Rådmannen sin stab

Økonomi

Den største utgiftsposten til rådmannen sin stab er IT lisensar. Som ein konsekvens av digitaliseringsarbeidet vil det i åra som kjem verta brukt meir pengar på programvare.

Brukarperspektiv

Saman med svært mange kommunar i Noreg, har også Voss kommune digitalt førsteval som si rettesnor i kontakt med publikum. Dette er ein konsekvens av endring i forvaltningslova og eForvaltningsforskrifta. Me vil i planperioden halda fram med å digitalisere fleire delar av vår innbyggjardialog. Avdelinga har som mål at alle skjema sendt til kommunen skal kunne sendast elektronisk innan utgangen av planperioden.

Medarbeidarperspektiv

I den komande perioden vil store delar av rådmannen sin stab arbeide med å førebu kommunesamanslåinga. Spesielt vil dette gå på kommunikasjonsarbeid, og å styrke arbeidet med godt leiarskap og medarbeidarskap.

Interne prosessar

På veg mot Voss herad vil det vera mange IT- og digitaliseringsprosjekt som skal førebuast og gjennomførast. Dette, saman med anna arbeid i dei ulike arbeidsgruppene, er eit stort og viktig arbeid for staben.

10 Kultur og fritid

Økonomi

I kommuneplanen sin samfunnsdel er det stadfesta at kulturmiljø og kulturminne utgjer eit viktig grunnlag for verdiskaping og næringsutvikling. Vidare står det at; slike verdiar kan bidra til å utvikle attraktive lokalsamfunn og reisemål, og utgjer konkurransefaktorar for etablering av verksemdar og val av bustad. Moglegheitene som ligg i verdiskaping basert på natur- og kulturarv kan truleg utnyttast i større grad enn i dag.

Voss er, og ynskjer vera, ei kultur og idrettsbygd. Dette fordrar at kommunen legg til rette for det og støttar opp der det er føremålstenleg for at kulturbygda er slik ein ynskjer og berekraftig på sikt. Kulturplanen er mål- og handlingsorientert og skildrar 220 tiltak for dei neste 10 åra. Når og om dei ulike tiltaka vert realisert avheng av kva økonomiske rammer kommunen har, kva prioriteringar som vert lagt til grunn til ei kvar tid, kva føringar som ligg i andre planar og i kva grad kommunalavdelinga er omstillingsvillige og kreative med tanke på å gjennomføra nyskapande tiltak.

Aukande mengd eldre i kommunen vil innebera at avdelinga lyt halda fram fokus på folkehelse for alle og styrka initiativ som inneber betra folkehelse og kulturtilbod for eldre. Kulturskulen skal moderniserast for å møte behov som er der i dag. Dette kan kanskje kunna klarast innan eksisterande rammer, men eit «kulturløft i kulturskulen» med tilhøyrande innsprøyting av friske midlar ville gjort det heile langt enklare og langt meir synleg. *Mål i kommuneplanen: Kulturskulen skal kunna tilby opplæring innan estetiske fag til mellom 600 - 700 elevar. Veksten må komma innan auke i gruppeundervisning og med eit breitt tilbod som kan omfatta større elevgrupper. Kulturskulen skal utvida sitt tilbod innan andre sjangrar, t.d. korps og rytmisk musikk.*

Det er vanskeleg å sjå at det skal verta redusert etterspørsel etter nokon tenester, men samstundes ser kommunalavdelinga for eksempel at utekontakten jobbar på anna sett enn før; det er meir stille i gatene på Vangen og arbeidet går no meir mot samarbeidsprosjekt med andre som barnevern/politi/skular osv. Det vert og lagt vekt på generelt førebyggingsarbeid som undervisning i til dømes nettvett/rus. Tenesta er der, men innhaldet vert kanskje endra. Blant anna vert det arbeida med nytt areal til eit nytt motorsportssenter bygd på det tilbodet som har vore i Vangjolo, med moglegheit for å utvide tilbodet til å gjelde fleire typar motorsport.

I kommuneplanen er lista over 20 målsetjingar knytt til kommunalavdelinga sitt ansvarsområde. For om lag halvparten av desse måla er arbeidet igangsett og/ eller gjennomført. Arbeid som er igangsett vil halda fram (som arbeidet med å oppgradera Voss gamle kino, styrka kulturhuset som kulturell samlingsarena og det å styrka Voss som festivalbygd). Mål det ikkje er satt i gang konkrete tiltak for å nå, vil krevja omprioritering av ressursar og/ eller auka ressursar. Dei overordna måla i kulturplanen tek for seg eit inkluderande kulturliv, kulturen sin eigenverdi, gode oppvekstvilkår, natur og kulturarv og Vossevangen sin plass i utviklinga av Voss som lokalsamfunn og kulturkommune.

Tiltak på driftssida vil for kommunalavdeling kultur og fritid vera knytt behov for styrka bemanning på kulturskulen. Dette vil kunne redusera ventelista, og tilby fleire ulike tilbod. Det er ynskje om 100% stilling som barnebibliotekar i samarbeid med kommunalavdeling for oppvekst. Dette er eit prioritert tiltak i kulturplanen. Nærare samarbeid med skular, barnehagar og andre avdelingar i kulturhuset krev nye arbeidsmåtar.

Tiltaka som handlar om auka lærarkrefter og nye disiplinær i kulturskulen, vil generera inntekter i form av elevbetaling.

Investeringsbehov prioritert 2019 – 2022: Bokbuss 2 mill. (2020). Investeringsbehov elles skissert i økonomiplan 2018 - 2021 skal vidareførast i økonomiplan for 2019-2022.

Brukarperspektiv

Med svakt aukande folketalsutvikling vil truleg etterspurnad etter kommunalavdelinga sitt tenestetilbod auka tilsvarande. For fritidsaktivitetar målretta born og unge og initiativ i regi av Vangsgryto og Ungdomshuset er det framleis rom for auka medverknad av nye brukarar. Kulturhus, kino og bibliotek arbeidarar kontinuerleg med å tilpassa seg brukarbehova og å styrka samarbeidet med lokale og eksterne kulturaktørarar for å bidra til gode kulturopplevingar. Det er starta opp arbeid med samanslåing med Granvin, og ei eige som gruppe ser på dette.

Medarbeidarperspektiv

Det er gjennomgåande fokus på å styrka samarbeidet mellom dei ulike kommunaleiningane.

Interne prosessar

Internkontrollarbeidet vert gjennomført i heile kommunalavdelinga. Samstundes vert det fokus på å styrka ferdigheiter innan kommunikasjon - internt og eksternt. Det er starta opp eit arbeid med å sjå på optimalisering av drifta ved Voss kulturhus.

11 Teknisk

Økonomi

Generelt for kommunalavdelinga

Den økonomiske situasjonen tilseier at også kommunalavdeling for tekniske tenester må leggja seg på ei nøktern line med omsyn til auke i driftskostnader. Det er ikkje lagt opp til utviding av drifta utover det som kjem av nye tiltak. Hovudfokuset må vera å oppretthalda verdien av den kapitalen Voss kommune har opparbeidd innan kommunale vegar, formålsbygg, parkar, idrettsanlegg og utleigebustader. Drift og vedlikehald krev ressursar. Særleg innan vegdrift, bygg og anlegg ser vi eit etterslep grunna knappe ressursar over tid. Mange bygg og anlegg er eldre og treng mykje vedlikehald og utskifting.

I rådmannen sitt framlegg til økonomiplan er det lagt inn nye tiltak; fleire km ny veg, drift av Lundhaugen omsorgsbustader, samt veterinærvakt. Vidare får vi vår del av nedtrekk i ramma som følgje av redusert integreringstilskot. Midlar til asfaltering vert trekt inn frå 2020, likeins fell prosjektstillinga til sentrumsplanen vekk i 2020.

Under investering er det dei faste postane som ligg inne, men det er sett av midlar til ny brannstasjon i 2022.

Samferdsle

Kommunale vegar har fått eit lyft dei seinare år gjennom vegfondet. I perioden 2010-2017 vart det investert 108 mill. kr inkl. mva i kommunale vegar. I denne summen ligg forutan vegfond, ordinære løyvingar, tilskot og utbyggingsavtalar. Midlane frå vegfondet (eigedomsskatten) vart utelukkande nytta til investering. Tiltaka var alt frå mindre tiltak for å redusera flaskehalsar til større anlegg (til dømes Bjørkevegen). Nå er fondet brukt opp og vi ser klart behov for ytterlegare midlar for å minka etterslepet. Vi får ein betre økonomi i vedlikehaldet når vegkroppen vert oppgradert. Mange av vegane våre er bygd for heilt andre tilhøve enn behovet vi ser i dag til dømes ved langt fleire bilar på vegane, samt større bilar og lass. Tankbilar, større tømmertransportar, kraftverksutbygging, store hytte- eller bustadutbyggingar med meir, slit på gamle vegar bygt for heilt annan bruk. Mange av dei verste vegane har vi utbetra med midlar frå vegfondet. Men vi treng reasfaltering, eit heilt naudsynt tiltak for å ta vare på vegkapitalen. Her kan vi berre nytta driftsmidlar. Reasfaltering kan mange stader lengja levetida med fleire titals år. Med dagens årlege løyvingar til drift, vert det berre unntaksvis ressursar att til reasfaltering når anna naudsynt vegvedlikehald er gjennomført. I 2018 og 2019 har vi fått 3 mill. kr til asfaltering, men dette er ikkje vidareført. Dersom kommunen hadde hatt økonomi til å løyva 3 mill. årleg, ville det gitt om lag 6 km reasfaltert veg. Totalt er det 126 km asfaltert veg, og ei slik årleg løyving vil medføre at all kommunal veg med fast dekke er reasfaltert i løpet av om lag 20 år. Dei ekstraordinære asfalt-midlane er trekt inn att i økonomiplan frå 2020.

Utgiftene til vegdrift viser at vi bruker meir enn kommunegruppe 11 til føremålet i følgje Kostratata for 2017. Det kan bero på mykje veg eller høge utgifter pr. meter veg. I Voss gjeld begge deler. Vi har mellom anna mange km kommunale vegar i område med store snømengder. Brøyting og strøing tek store deler av driftsbudsjettet. Vidare ser vi at vi får auke i tal km kommunal veg til dømes gjennom utvikling av kommunalt industriområde. Dette er det funne rom for å kompensera for i framlegget til økonomiplan.

Planlegging

Prosjektstillinga som leiar for sentrumsplanprosjektet går over to år til og med 2019. Arbeidet er godt i gang og skal bidra til å sette Voss i stand til å ta sin del av ein eventuell folketalsauke i samband med utbygging av Vossabanen og ny vegstrekning Bergen - Voss.

Bygg og eigedom

Bygg og eigedom har saman med kommunalavdelingane sett på behovet for vedlikehaldstiltak og har utarbeidd ei prioriteringsliste over tiltak som skal gjennomførast innanfor tilgjengelege ressursar

i budsjettet. Vidare er det naudsynt å fokusera på drifta av bygg sidan vi har høgare forbruk på drift av bygga våre enn tilsvarende kommunar, viser Kostra-tala for 2017. Dette kan skuldast at vi har fleire m2 formålsbygg (19,5%) eller at vi har høgare kostnader/dyrare drift (10,7%).

Vossabadet er sett i drift, og bassengdrifta på ungdomsskulen er nedlagd. Driftsutgiftene er trekt ut og lagt inn i fellesskapet i og med at Vossabadet vert drifta av eit kommunalt føretak.

Aktivitetsparken er utvida med 6 dekar og utfyllingsarbeidet er fullført. Nå er det mogleg å byggje ut dei planlagde tiltaka etter kvart som ein får midlar. Det hadde vore kjekt å fullført aktivitetsparken og festivalområdet, men dette må vike for andre gode, viktige investeringstiltak.

Drifta av aktivitetsparken er arbeidskrevjande og sommarhalvåret treng alle apparat ettersyn dagleg for å minke risikoen forulukker. Aktivitetsparken, idrettsparken, Prestegardsmoen og strandsona langsmed Vangsvatnet er eit stort, flott område som er viktig for vossingar og tilreisande og vert nytta til fritid og rekreasjon. Vi ser at bruken aukar og skulle gjerne sett at vi fekk auka ressursar til drift og vedlikehald av dette området, men dette er det ikkje funne rom for i økonomiplanen. I dag vert vedlikehald av dette området prioritert, men på bekostning av andre, mindre sentrale område.

Bygg og eigedom fekk i si tid tildelt midlar til ei stilling som bustadforvaltar gjennom auka integreringstilskot. Stillinga var viktig for å effektivisere bustadforvaltninga i kommunen, men og for å skaffe hus raskt i samband med auka busetting av flyktningar. Nå er tal flyktningar redusert og det statlege integreringstilskotet vert nedtrappa og fasa ut i perioden. Tekniske tenester må ta sin del av reduksjonen og ramma vert trekt ned med 0,2 mill. kr i 2019, 0,3 mill. kr i 2020 og 0,5 mill. kr årleg i 2021 og 2022.

Lundhaugen omsorgsbustader på tomte til barnehagen vert etter planen sett i drift medio 2019. Det er lagt inn midlar til drift og vedlikehald av dette bygget i økonomiplanen.

Det er lista opp svært mange investeringstiltak frå bygg og eigedom som er lagt ved som uprioriterte. Dette er tiltak som er meldt inn frå brukarane eller tiltak som bygg og eigedom vil gjennomføra utifrå fagleg vurdering, men desse er det dessverre ikkje funne plass for i denne økonomiplanperioden.

Brukarperspektiv

Godt vedlikehald av dei kommunale bygga er heilt naudsynt for å få optimal effekt av bygga og forvalte kapitalen best mogleg. Nye bygg krev mindre vedlikehald, men inneheld ofte meir kompliserte tekniske anlegg som krev god kompetanse og ofte meir oppfølging for å få best effekt ut av anlegga.

Voss kommune ynskjer å auka folketalet og bli eit sterkare regionsenter i indre Hordaland. Dette fører til at trong for areal til utbygging av fleire bustader aukar. Prosjekt ny sentrumsplan skal vise korleis vi skal få til ei fortetting og ei utbygging av Voss på ein tenleg, klimavenleg og framtidsretta måte til beste for bebuarane. Eigedomsforvaltning er eit område som er prioritert. Voss eigedom AS og Voss bustadstifting er begge opptekne av utvikling på dei kommunale eigedomane.

Vatn og avløp står framfor store utfordringar. Kommunen arbeider med å få bygt eit reservevassverk i Bømoen. I dag er all vassforsyning i sentrumsområdet forsynt frå grunnvassbrønner i Prestegardsmoen. Det er altfor sårbart og vi reknar med, om prøvedrifta held fram med gode resultat, at vi har eit anlegg på plass i Bømoen i løpet av økonomiplanperioden. Driftsutgifter vert dekkja av gebyr og er derfor ikkje med i nettoramma.

Voss kommune er med i eit utgreiingsarbeid i Myrkdalen når det gjeld utbygging av vatn- og avløpsløyseringar for den vidare utbygginga der. Totalt er det planlagt 3500 einingar i Myrkdalen noko som betyr vassverk og kloakkreinseanlegg på storleik med Vossevangen sine anlegg. Det påbyrja utgreiingsarbeidet skal gje kommunen grunnlag for å vurdere kva rolle Voss kommune skal ha i høve utbygging og drift av vass- og avløpsanlegg for heile den planlagde vidare utbygginga.

Utbygginga i Myrkdalen viser att i aktiviteten til brannvesenet. Brannbilen på Vossestrand er nå

vorten 30 år gamal og veteranbil. Med den store utbygginga i Myrkdalen, og stort tal turistar i hytter og på hotell, er det påkravd med ny brannbil for å trygge innbyggjarane tilstrekkeleg.

Veterinærvakt er lovfesta og etter 2008 er det kommunane som har ansvar for at det til ei kvar tid finst ei vaktordning. Staten refunderer vaktgodtgjersle utanom normal arbeidstid. Veterinærane ser seg ikkje lenger tent med ei vaktgodtgjersle berre utanom arbeidstid og sette fram krav om vaktgodtgjersle også på dagtid. Etter drøftingar vart det semje om ein avtale, men dette betyr at kommunane sjølve må betale for godtgjersla på dagtid. Dette er innarbeidd i økonomiplanen.

Medarbeidarperspektiv

Bygg og eigedom har ansvar for drift og vedlikehald av bygg og eigedomar i Voss kommune. Alle føremålsbygg er til for ulike brukargrupper og tilsette i Voss kommune med krav til arbeidsmiljø og vedlikehald. Tekniske tenester har trong for store investeringar i kommunale bygg og anlegg om vi skal stetta krav frå brukarane. Analyser av Kostra-tal viser at Voss har høge tal kvadratmeter (m²) på føremålsbygga pr. innbyggjar (7,2 m²) samanlikna med Kostragruppe 11 (5,7 m² pr. innbyggjar). Brutto driftsutgiftene pr. m² er om lag som for Kostragruppe 11 (889 kr/m² mot 914 kr/m² i Kostragruppe 11). Utifrå desse tala for 2017, ser vi at det vil vera eit klart innsparingspotensiale i å redusere tal m² bygg når vi veit at totalt er det om lag 105 000 m² formålsbygg i Voss kommune. Innsparingspotensialet kan vera inntil 7 mill. kr.

Det er utarbeidd ein felles handlingsplan for bygg når det gjeld tiltak innan helse, miljø og sikkerheit i samarbeid mellom teknisk og dei andre kommunalavdelingane. Dette gjeld fleire sekkepostar innan føremålsbygg som brannførebyggjande tiltak, uteområde, oppgradering av toalettanlegg, mindre bygningsmessige tilpassingar for elevar med særskilte behov, med meir. Dei føreslåtte tiltaka vart gjennomført så langt midlane rekk. Vidare vil det måtte akseptrast at det kan koma til ting som gjer at tiltak som ikkje ligg på prioriteringslista likevel får prioritet og må gjennomførast av dei same midlane og skuva prioriterte tiltak ut i tid.

Tilsyn i 2017 viser at vi ikkje har tilfredsstillande tilhøve for brannmannskap og feiarar verken på brannstasjonen på Vangen eller bystasjonen på Vossestrand. Ny brannstasjon har stått i økonomiplanen i mange år som eit bør-tiltak, men har vore skuva framfor oss. Eksisterande brannstasjon er verken funksjonell eller har plass nok til naudsynt personale. Vidare har brannmannskap krav på trygge tilhøve å utøva brannberedskapen i. Arbeidstilsynet har peika på så store manglar ved dagens situasjon at det er helsefarleg for brannmannskap og feiarar slik tilhøva er pr. i dag. Garderobetilhøva til brannmannskap er ikkje i tråd med krava sett i arbeidsmiljølova. For å bøta på den helsefarlege tilstanden, er det sett i gang arbeid med å sette opp brakker i 2018. Det er sett ned ei arbeidsgruppe som arbeider med forprosjekt for ny brannstasjon. Det er lagt inn midlar til oppstart av ny stasjon i 2022.

Interne prosessar

Det pågår ein prosess i bygg- og eigedomsavdelinga for å optimalisera ressursane for å få tilgjengelege ressursar til å strekkje til mot stadig nye oppgåver. Likevel er det trong for fleire hovud til å gjennomføre eit aukande tal byggjeprosjekt og drift og vedlikehald av eit vaksande totalareal med bygg. Voss skal vakse og det vil vera trong for både skular og barnehagar, institusjonar og omsorgsbustader også framover. Investeringsprosjekt vart nå prosjektorganisert, med prosjektleiar/byggjeleiar frå bygg og eigedomsavdelinga og med ressurspersonar frå den kommunalavdelinga som skal bruke bygget. Bygg og eigedom vil som drifstar av bygga, vera involvert i dei fleste byggjeprosjekta.

Arbeid med nye rutinar for gjennomføring av byggjeprosjekt innan anlegg og vedlikehald, er i prosess. Dette gjeld både gjennomføring av vegprosjekt i eigen regi eller med innleigde entreprenørar og likeins vatn og avløp.

Auka fokus på dei kommunale bustadene held fram. I samarbeid med Husbanken har Voss kommune arbeidd med å organisera bustadforvaltninga for alle på tvers av avdelingar og

myndigheitsområde. Betre arbeidsflyt gjennom større grad av samspel mellom avdelingar samt utarbeiding av prosederer og rutinar for oppfølging og tenesteyting, vil halda fram.

Bilbruken, innkjøp og organisering, er teke fatt i og vurdert på tvers av kommunalavdelingane. Det er utarbeidd ei ny organisering av forvaltning av bilparken. Truleg vil dette gjera det meir rasjonelt med innkjøp, men målet er å gjera bilbruken meir effektiv og redusera kjøp av nye bilar, men samstundes laga retningsliner for ein tryggare og meir funksjonell bilpark.

Utover drift av Voss kommune, vert det lagt ned store ressursar i arbeidet med å gjennomføre samanslåing av Voss kommune og Granvin herad til Voss herad frå 2020. Dette arbeidet vil truleg mune ut i fleire nye prosessar, særleg prosessar der vi tek i bruk ny datateknologi. Byggjesak er i gang med eit prosjekt med elektronisk byggjesakshandsaming som kan effektivisere sakshandsaminga på sikt.